

# SPRÅKLIG SAMLING



Nr. 1 – 1976

17. ÅRGANG

UTGITT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

## LLS og Noregs Mållag

av

– Knut S. Vikør –

### AV INNHALDET:

LSS og Noregs Mållag, av Knut S. Vikør .....	s. 1
Nytt om Arne Torvik: Norsklære og Dag Gundersen: Norsk ordbok .....	s. 2
Dann fleire lokallag! .....	s. 6
Om knot og blandingsmål, av Tomas Refsdal ....	s. 6
Nytt frå Språkrådet .....	s. 8
Diskusjon om nytt prinsipp-program .....	s. 11
Geirr Wiggen analyserer vår språksituasjon, av K. E. Steffens .....	s. 13
Svar til K. E. Steffens, av Geirr Wiggen .....	s. 13
Bøker .....	s. 15
Språkspørsmål i eit u-land: Indonesia, av Lars S. Vikør .....	s. 18

Språkstriden har teke seg opp att i den seinare tida, på eit til dels nytt (eller nyformulert) grunnlag. Siste nummeret av «Språklig Samling» tyder på at bølgene nå har nådd Landslaget også, og at LSS vil gå over frå å vere observatør på sidelina (som det i hovudsak har vore dei siste åra) til å ta aktivt del i debatten.

Skal vi definere ein språkpolitisk plattform i denne situasjonen, må vi ta ei nyvurdering av vår eiga historie. Samtidig må vi ta opp forholdet til dei andre språkorganisasjonane og historia deira, særleg Noregs Mållag. Riksmålsforbundet er ikkje noko stort problem i denne samanhengen; dei har alltid vore hovudmotstandarane våre og vil vere det i framtida også. Men til målrørsla har vi hatt eit meir ambivalent forhold, og det er her problemet nå ligg.

Noregs Mållag (NM) har element i historia si som er heilt uakseptable for den rørsla vi skal prøve å skape. Men det har òg eit grunnlag som er umis-teleg om vi skal kunne nå det målet vi har sett oss. Det same kan vi seie om LSS. LSS er vel den organisasjonen som klarast står på det eg vil kalle «folkemålslinja» i dag, men det er likevel mye vi må stå kritisk til i det laget har stått for.

LSS har aldri klart å slå gjennom som organisasjon. Vi har oppretta eit apparat, vi har overlevd, Over til s. 4

## SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 10 kroner året  
Postgirokonto 1 63 78

Redaktør: Geirr Wiggen  
Sognsvn. 85, M 24, OSLO 8.  
Tlf. (02) 46 68 00, linje 9103

## „Maale e te fyr oss, og inkje me fyr Maale”

Nå har riksmålet og riksmålsbevegelsens særkrav stått i sentrum for hendingene og oppmerksomheten i norsk språkpolitikk lenge nok.

Arbeidet i *Norsk språknemnd* (1952—1972) skulle uttrykkelig foregå på norsk folkemåls grunn. Representantene skulle søke å forme norsk skriftspråk så det i størst mulig grad gav uttrykk for morsmåla (talemåla) til folk flest her i landet. Det nekta riksmålsbevegelsen å være med på.

I lovene og vedtektene for *Norsk språkråd* (1972—) står ikke lenger formuleringa «på norsk folkemåls grunn». Dermed lar riksmålsbevegelsen seg representere gjennom sine organisasjoner, og den har tolka opprettinga av Språkrådet som en uforbeholden innrømmelse til seg. De krever anerkjennelse av alle sine særsyn og særformer. I drøftingene om rettskrivningsendringer i Språkrådet firer de ikke på krava sine, mens deres kolleger i rådets bokmålsseksjon har vært meir enn villige til store innrømmelser. Men fordi de ikke har fått rådet med på alle krava sine, sutrer de og truer med «sprengning». Slik opptrer representantene for dette minoritetstalemålet og overklassespråket i Norge.

I *Lov om Norsk språkråd* står det at rådet skal «følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen» (pkt. b). Det ser ut til å være nødvendig å minne om at det er *ei tilnærming mellom nynorsk og bokmål* det her er tale om, ikke mellom bokmål og riksmål. Men så lenge en stor del av verksemda i Språkrådets bokmålsseksjon dreier seg om innrømmelser til riksmålet, er sjølsagt ei slik tilnærming umulig.

Arbeidet i Språkrådets bokmålsseksjon må følgeleg skifte karakter. Nå må oppmerksomheta rettes mot flertallsmåla i landet. Endringer i offisiell rettskriving og læreboknormal må rette seg etter former og strukturer som er utbredte i fleirtallets morsmål, og ikke følge et eksklusivt mindretalls særkrav. Vil ikke riksmålsbevegelsen la seg representere i et organ som legger folkefleirtallets språk til grunn for arbeidet sitt, så får det bli dens sak. Forhandlingene

i Norsk språkråd må ikke være styrt av redselen for at riksmålsrepresentantene går ut.

Norsk språkråd trenger først og fremst nøkterne, vitenskaplige kunnskaper om norsk språkbruk, dens sosiale sammenhenger og funksjoner. Særlig er detaljerte *talemålskunnskaper* mangelvare i dag.

Som demokratisk organ må rådet ha som mål å forme ut et skriftspråk som i størst mulig grad støtter folks talemål, slik at hver enkelt tør utfolde seg gjennom skrift og tale. Demokratisk skriftspråksnormering er et spørsmål om å legge de språklige forholda til rette for kulturell utfoldelse og blomstring *i heile folket*. Det er ei stor frigjøringsoppgave.

«Maale e te fyr oss, og inkje me fyr Maale», minnte Olaus Fjørtoft sine samtidige om for over hundre år sia. Det er ei aktuell påminning.

\* \* \*

I Landslaget for Språklig Samling er debatten om prinsipp-programmet i full gang. Sentralstyret merker seg alle kommentarer, og bladet gir plass for skriftlige merknader. Vi bringer de første merknadene i dette nummeret, og det kommer fleire i nr. 2. Skriv til bladet eller til laget og si ifrå om hva du syns bør være med eller ikke bør stå i LSS' prinsipp-program. Det er viktig at hvert enkelt medlem har tenkt igjennom saka, så vi kan forme ut et endelig prinsipp-program på førstkommande landsmøte.

gw

## Nytt om Arne Torvik: Norsklære og Dag Gundersen: Norsk ordbok

Formannen i Landslaget for Språklig Samling sendte 15.11.1975 brev til Norsk språkråd med oppmoding om å ta opp på nytt spørsmålet om å godkjenne Arne Torvik: *Norsklære*, ei bok som behandler nynorsk og bokmål parallelt.

Brevet blei referert på styremøtet i Norsk språkråd 21.11.1975, og styret vedtok å sende saka over til fagnemnda. Fagnemnda behandla saka på møtet 8.1.1976. Der blei det vedtatt å foreslå for styret at det skulle settes ned et utvalg som skal vurdere prinsipielle og praktiske sider ved fellesspråklige norsklærere og ordbøker med grunnlag bl.a. i Arne Torvik: *Norsklære* og Dag Gundersen: *Norsk ordbok*. Fagnemnda foreslo at følgende personer skulle være med i utvalget: Carl Hj. Borgstrøm og Finn-Erik Vinje (bokmål), Alf Hellevik og Magne Rommetveit (nynorsk).

Fagnemnda vil ta stilling til spørsmålet om godkjenning av Torviks bok først etter at utvalget har kommi med si utgreiing.

Når det gjelder Dag Gundersen: *Norsk ordbok*, kan vi opplyse at Gymnasrådet i plenum 16.10.1975 er kommi til at ordboka «trass i visse betenkeligheter også må kunne brukes under eksamen. Gymnasrådet kan derfor tilrå at den blir godkjent til skolebruk så snart den også har fått språklig godkjenning» (brev til Kirke- og undervisningsdepartementet 22.10. 1975. KUD sendte saka til behandling i Gymnasrådet etter henvendelse frå Landslaget for Språklig Samling v/Ivar Hundvin. Saka blei samtidig sendt til behandling i Norsk språkråd, og spørsmålet om godkjenning av Gundersens ordbok beror dermed på utfallet i Språkrådets firemannsutvalg og fagnemnd.

# FRÅ ANDRE SIDA

*I denne spalta vil vi gjøre lesarane kjende med noe av det motstandarane våre i målstriden har hatt å fare med den siste tida.*

*Per Håland (redaktør, norskdomsman) om stalinismen i målstrida:*

«Kan eg hjelpe for at Josef Stalin tok same stode til dette som Ivar Aasen og mange med han lenge før Stalin gjekk avstad og vart ein middelmådig bankrøvar borti Russland?» (Intervju i *Dagbladet*, 6. des. 1975).

*Per Håland (redaktør, norskdomsman) om bokmålet; er det norsk eller dansk?*

«Nei, det er som namnet seier, eit bokmål. Strukturen er framleis dansk, sjølv om det er kome inn konsonantar som gjer at det ikkje høyrer ut som dansk.» (Intervju i *Dagbladet* 6. des. 1975).

*K. E. Steffens (Riksmålsbevegelsens Pressekontor) om sidemålsopplæringa i skolen:*

«Ein kan ikkje sjå nokon tvingande samanheng millom det å ha to jamstelte norske språk og kravet om at alle må læra å skriva dei.» (*Aftenposten* 12. des. 1975.)

*K. E. Steffens (Riksmålsbevegelsens Pressekontor) er takksam for hjelp og støtte frå høgnorskmannen Ivar Eskeland:*

«For ei tid sidan gjekk Ivar Eskeland i denne avisa til åtak på Norsk språkråd av di det ikkje vil sleppa inn att ei mengd med forbodne ord og bøygningsformar i den offisielle bokmålsrettskrivingi.

Det er gledeleg at ein framstående nynorskman vil forsvara riksmålet sine rettar. Det vitnar om vidsyn og tolsemd, eigenskapar som få målfolk i dag viser andsynes riksmålet.» (*Verdens Gang* 26.11.1975.)

*Knut Wigert (kunstnar, Riksmålsforbundets formann) seier også takk til Ivar Eskeland:*

«Med takk til Ivar Eskeland for hans artikkel i VG for en tid siden, «Riksmålsforbundet har rett», vil jeg som en av de få kunstnere som er representert i Norsk språkråd, gi uttrykk for det dypt deprimerende inntrykk det gjør å bli konfrontert med professorer og skolefolk, som der direkte arbeider for å ødelegge vårt riksmål, det sprog som er en nøkkel til vår litterære tradisjon og kulturarv.» (*Verdens gang* 1. desember 1975).

*Knut Wigert (kunstnar, Riksmålsforbundets formann) kjempar for Ibsens originalsprog:*

«Vi ønsker at skolebarna skal få undervisning i

det moderne norske riksmål som fremdeles er det mest utbredte skriftsprog i landet. Vi ønsker at de skal lære å lese og oppleve Henrik Ibsens geniale, dramatiske verker — kanskje de største i verden ved siden av Shakespeares — på originalsproget uten sproglig forurensning.

Som skuespillere blir vi ofte forelagt Ibsens stykker i en bearbejdet «modernisert» form, (...) Det er nettopp på dette kunstneriske plan at jeg protesterer mot at en professor Vinje, som også dirigerer språket i NRK, en professor Pettersen fra Bergen, samt en lektor Roksund fra Skien, skal få tvunget igjennom fortsatt en stram læreboknormal i skolen, samt en dirigering av språket, som gjør det fattigere og mindre nyanserikt.

Disse personer hevder at de er representanter i Norsk språkråd som sprogpolitikere, som sproglige arkitekter for et fremtidsrettet samnorsk. Vi har i de senere år sett hva fremtidsrettede og kunstneriske boligmiljøer har ført til av ulykke for mennesker.» (*Verdens Gang* 1. desember 1975.)

*K. E. Steffens (Riksmålsbevegelsens Pressekontor) er ikke bare riksmålsman. Han er landsmålsman også, sier han. Det går så greit, så:*

«Den nynorsken jeg skriver er nok i noen grad preget av min barndoms dialekt, men prinsipielt mener jeg også at nynorsken slett ikke vil vinne på en utvannet og pregløs form. De største nynorske diktere har for øvrig brukt et langt mer «ufolkelig» språk enn jeg gjør. (...)»

Jeg skal til slutt gjøre oppmerksom på at jeg ikke er riksmålsman, men landsmåls- og riksmålsman og at jeg på vegne av Riksmålsbevegelsens Pressekontor svarer folk på det språk de selv bruker i debatten, og selvsagt med formann Wigerts velsignelse.» (*Dagbladet* 16. desember 1975.)

*Guthorm Sollien (Hønefoss) er også både riksmålsman og høgnorskman:*

«Jeg er både riksmålsman og høgnorskman, holder konsekvent på målføret riksmål og høgnorsk. Men jeg vil ikke vite av et nynorsk, som blander inn 85 pst. bokmål og fremmedord i seg.» (*Aftenposten* 30. januar 1976.)

*Finn Jor (kultur-skrivent i Aftenposten) tar avstand fra fanatisme i «sprogstriden». Respekt for andres språk må til, mener han:*

«Hårdnakket har vi hevdet respekt for andres sprog og gledet oss over et godt dikt, en god roman, en velformet artikkel, uansett sprogform. (...)»

(...) Eksempelvis må 25%-regelen for bruk av nynorsk i NRK vekk. Det er både patetisk og uverdigg å se McCloud og krim-serier tekstet på nynorsk forat programkvoten skal oppfylles. Det burde nynorskfolket selv protestere mot.» (*Aftenposten* 31. januar 1976.)

**FRIDA  
ANDREASSEN ETTF.**

SKEI – SURNADAL



Kolonial – Kortevarer – Manufaktur

## LLS og . . . .

(frå side 1)

vi har gitt ut eit blad, vi har teke del i debattar i språkrådet og andre stader. Men det ville vere å narra oss sjølv å tru at vi har hatt stor innverknad på språktilhøva. Dette heng saman med arbeidsmåten — og med målsettinga.

I sine først år var ikkje LSS ei folkemålsrørsle. Det viktigaste målet var å sameine dei to målformene i Norge. Måten ein gjekk fram på var den mest nærliggande, slik målstriden vart ført på femti- og først på seksti-talet: at ein del «kompetente» folk skulle definere det som skulle bli skriftnormalen på teknokratisk vis. Ein samlenormal utforma på denne måten (uansett korleis han hadde blitt reint konkret) ville ikkje ha verka meir sosialt frigjerande enn bokmåls- eller nynorsknormalen; heller mindre, ettersom den sosiale reisinga målstriden bar fram ville ha forsvunne. Hadde LSS da vunne fram ville vi ha fått «Endlösung» på språkstriden; han ville ha halde opp å fungere. Slik vi ser det i dag ville det ha vore ei stor ulykke. Men slik var ikkje synet for femten år sidan, heller ikkje LSS. Tvertom var det LSS sitt eksistensgrunnlag at ein skulle gjere slutt på denne «ressurskrevande og unyttige» språkstriden. LSS prøvde å kome fram til ein overnormal som skulle bli meir effektiv, og dermed meir undertrykkande, enn dei som fanst.

Men LSS nådde ikkje fram. Laget vendte seg til dei sentrale styresmaktene, og såg bort det folkelege (anna enn som eit element i overnorma, ein måte å gjere denne meir effektiv på). Derfor greidde dei ikkje å skape den rørsla som skal til for å nå fram når ein har mektige motstandarar i dei styrande organa. LSS var ikkje ein samlande faktor for store folkegrupper som ville ha ei språkleg samling (sjølv om det sikkert var mange som ville det, også på LSS sine premiss), men ei gruppe av «intelligentsiaen» som prøvde å bli hørt der ein trudde avgjerdene vart tatt. Det var eit hovud utan kropp, og nedgangen dei siste sju-åtte åra har vore ei forminsking av hovudet.

Vi skal ikkje slå fast dette for å felle noen «dom» over Landslaget. Det var eit produkt av den tida det oppsto i, og mangt er endra sidan da. Men vi bør likevel ha desse tinga i minnet når vi skal drøfte målrørsla. Og det er viktig å vere klar over dei om vi skal forstå kvifor mange folkemålsforkjemparar tar avstand frå «samnorsklinga». Vi bør også hugse på dei når vi skal prøve å finne ein veg ut av uføret og ta til med å bygge opp (eller bygge ut) folkemålsrørsla.

Ser vi på NM, får vi på mange måtar det omvendte bildet. Det som er LSS si avgjerande svakheit er NM sin avgjerande styrke: Målrørsla er ingen organisasjon, det er ei rørsle. Dette må vi underbygge: Målrørsla har røtene sine i den norske saga, og er ein del av ei sosial reising som starta i førre hundreåret. Det er den kulturelle sjølvhevdninga til dei frie bøndene som kjem til uttrykk i mål-

rørsla. Derfor går historia til denne rørsla tilbake til lenge før NM vart stifta i 1906 — ja, rørsla var kanskje alt på toppen da. Mykje av den breiare rørsla ho var ein del av vann fram i det første hundreåret og i dette, og målrørsla skifta derfor karakter til ein viss grad. Men ho har likevel alltid hatt dette preget av å vere ei sosial rørsle av eit omfang som eigentleg ikkje er fanga opp i medlemstalet i NM. Derfor kan ei folkemålsrørsle aldri utvikle seg utanom målrørsla. Dei sosiale kreftene Noregs Mållag har i seg er uunnverlege.

Men målrørsla har og ei avgrensing i seg. Ho var ei rørsle av frie bønder i området der dei indre klasseskilja i lokalsamfunna var små. Det var snakk om å sameine desse samfunna mot framand påverknad, frå Danmark, Sverige eller Christiania. Derfor var det på Vestlandet og i fjelldalene ho fekk best fotfeste. Det industriproletariatet som voks fram som ei ny underklasse under bøndene sto naturleg nok fjernt frå bondereisinga. Det fekk derfor ingen sans for målreisinga, som var ei sjølvstendig del av bondereisinga. Heller ikkje i austlandsbygdene, der skiljet mellom storbøndene og underklassa var skarpere, fekk motsetnaden eit slikt preg at målrørsla vart trekt inn. Derfor vart målstrevet der dreve gjennom Østlandsk Reising, eller direkte gjennom partia. Ingen av desse typane målstrev overlevde.

Denne utviklinga verka attende på NM som vart ei vestlandsrørsle, til dels arrogant, og høgnorsk i førstninga. Seinare vart ho avpolitisert, ettersom resten av den breiare rørsla ho var ein del av (avholds- og frilynde rørsla, Venstre og bondeorganisasjonane) mista all oppreistkarakter og vart heilt integrert i samfunnet. Målrørsla vart aldri integrert som smøremiddel i samfunnsmaskineriet som dei andre rørsle, først og fremst p.g.a. at Riksmålsforbundet ikkje kunne godta henne. Det ville jo vere å gje avkall på det kulturelle hegemoniet dei hadde. Men likevel vart NM skilt frå det beste i si eiga fortid (og også frå det verste, men ikkje så fullstendig). Det måtte ein ny generasjon og nye motsetnader til for å få målrørsla til å ta opp att den politiske karakteren ho alltid hadde hatt, til dels utan å vere klar over det sjøl. Og da møtte ho på nytt respons i «sine» område. Dei som arbeidde der fekk merke at tråden tilbake til den sosiale reisinga ikkje var kutta over, sjøl om han var blitt tynn med åra. Framleis er det gjennom målrørsla vi må nå fram i desse delane av landet. Og framleis er ho ute av stand til å vinne fram på Austlandet og i dei større byane, og i Nord-Norge går det sakte.

Nå prøver krefter utanfrå å bryte med denne utviklinga og trekke fram att det gamle høgnorske, men det treng vi eigenleg ikkje vere så redde for. Rettnok har dei fått stønad frå gamle stridskjemper som nå har fått nytt mot, men likevel er dette først og fremst eit resultat av dei politiske behova til partiet AKP(m-l). Enten dei vinn ein siger på kort sikt eller ei, vil dei ikkje klare det i lengda, sidan

den sosiale utviklinga går andre vegen. Dei kan nok ta over organisasjonen, kanskje øydelegge han også (sjøl om eg tvilar på det), men å ta over rørsla kan dei aldri klare.

Kvar skal vi gå herifrå? Kva er målet, og kva er midlet? Det vi vil er å reise det norske folkemålet. Vi vil skape ei sosial reising som skal gje det målet folk snakkar «makta» i språksaka. Dette kan ikkje gjerast gjennom Norsk språkråd. Det kan ikkje gjerast gjennom Storting og embetsverk. Dette er rettnok viktige fora, men striden der er sluttsteinen i arbeidet vårt. Når vi er komne så langt at vi kan få våre ting gjennom der, da er vi alt på god veg mot sigeren. Dette arbeidet må ikkje forsømmast før vi kjem så langt heller, men det må prioriterast lågare i høve til den eigenlege oppgåva vår: Å utvikle det språklege medvettet mellom folk flest, å gjer det klart for dei kva dei snakkar og kva dei skriv, og å skape forståing for verdien i talemålet, i dialektane.

Dette arbeidet er NM alt i gang med i «sine» kjerneområde, sjøl om det ikkje kan få full bløming før folkemålsflokkjen har vunne striden i laget. Nå må LSS kome etter med det same arbeidet. Men kvar skal vi ta fatt? Er det vår oppgåve å bli eit nytt Østlandsk Reisning som skal ta seg av dei områda og klassene målrørsla ikkje har nådd? Der har LSS høgare prestisje enn målrørsla, og den kan bli enda høgare når vi får vekk siste rest av språkteknokratismen og kastar oss ut i aktivt arbeid. Men den må ikkje nyttast mot målrørsla. Vi må ikkje godta at målrørsla er ei vestlandsrørsle og LSS ei austlandsrørsle.

LSS bør ikkje leggas ned eller melde seg kollektivt inn i NM nå, for vi vil ha lettare innpass i byane, på Austlandet og i arbeidarklassa enn NM. Men laget må heller ikkje finne på å presentere seg som *alternativ* til målrørsla eller definere seg *mot* denne. Tvertimot må det så godt det kan gå inn for å kome på linje med målrørsla, bli ei forgreining av

denne i desse områda. Vi må prøve å bli same rørsla. Ikkje ved organisatoriske tiltak, men ved at vi kan gjere målrørsla rikare ved vår innfallsvinkel, og såleis lette arbeidet. Vi skal altså ikkje splitte Norge i to, men vide ut språkstriden til å omfatte også dei områda som nå er meir «tilbakeliggande», dvs. meir undertrykte. Mao. må vi bli klar over at vår og målrørsla sin kamp er same kampen. I full forståing med målrørsla må vi arbeide fram mot at dei to skal bli sameina i ei folkemålsrørsle som rekk over breiare lag og større område enn i dag, og vi må aldri miste det målet av syne.

Korleis skal dette gjerast i praksis — skal vi dele opp arbeidsområda eller kva? Dette er eit meir kinkig problem, og LSS kan ikkje avgjere svaret på eiga hand. Men det må reisast, og i fellesskap må LSS og NM finne fram til ein samlivsmåte.

Eit slikt tilhøve til NM kan sjølsagt berre kome i stand om folkemålsfylkingen vinn den striden som nå rasar der. Som eg har sagt, kan olsokstalinistane aldri ta over målrørsla som rørsle på sitt snevre grunnlag. Eg trur heller ikkje dei kan ta over NM, men om dei ei tid skulle klare det, må vi ikkje gjere den kortslutninga at da står LSS til disposisjon. LSS kan ikkje gjenskape det sosiale grunnlaget til målrørsla. Om folkemålsflokkjen i NM lir nederlag, kan vi ikkje invitere dei til å kome over til oss *en masse*. Vi må utanfrå (og meir og meir innanfrå ettersom LSS og målrørsla veks saman) gje dei støtte i den kampen dei da må føre for å ta over att organisasjonen — ein kamp dei utan tvil vil vinne.

Dette føreset at LSS får eit bevisst forhold til fortida si og framtidsmulighetene sine. Det er ein debatt om dette Jahr og Wiggen inviterer til i førre nummeret av bladet, i framlegget til prinsippprogram og i leiaren. Ein kan ha merknader til detaljer her (serleg punkt 6 i framlegget til Jahr, som nettopp opnar for den språkteknokratismen vi må legge bak oss). Likevel er det eit slikt grunnlag vi treng for den debatten som må kome.

## Forbudte ord?

I dagene før siste språkrådsmøte hadde avisene en del innlegg fra riksmålsaktivister.

En påstand som ofte gikk igjen, og som dels var støtta redaksjonelt (bl.a. i Morgenbladet), var at vi i Norge har *forbud mot ord*.

Det er få ting vi reagerer sterkere på enn forbud mot det frie ord. Kunne riksmålsfolk få assosiert offisiell norsk språkpolitikk med «forbud mot det frie ord», så ville det være fint for dem.

### RETTING

En av bidragsyterne til bladet har ved fleire høve fått namnet sitt feilstava. Det gjelder *H. Nygard* frå Nykirke ved Horten, som har fått namnet sitt skrivi som *Nygaard*. Den rette stavemåten er altså *Nygaard*.

Vi beklager.

Men er det slik?

*Bru* og *klopp* er to forskjellige ord. Men er *bru* og *bro* to forskjellige ord, og da slik at ordet *bro* offisielt er forbudt? Er ordet *bru* «forbudt» i Aftenposten?

Riksmålsfolk bør vise litt meir sjølkritikk når det gjelder argumentasjonen.

Hu

ETT FOLKELIG NORSK SKRIFTSPRÅK!

# DANN FLEIRE LOKALLAG!

Lett å selge „Språklig Samling,“ sier Jahr og Wiggen

Det er lett å selge «Språklig Samling». Det erfarte Ernst Håkon Jahr og Geirr Wiggen da de hadde opplysnings- og salgsstand på Universitetet i Oslo 15. og 16. januar i år. I løpet av de to dagene fikk de solgt om lag 80 eksemplarer av siste «Språklig Samling». Til salgs hadde de også Jahrs bok *Østlandsk Reising 1916—1926*, Wiggens *Ny målstrid* og Lars S. Vikørs *The New Norse Language Movement*. 7 bøker gikk unna på én dag. Det gav laget ei velkommen inntekt på over 300 kroner.

Det er noen år sia LSS hadde stand ved Universitetet i Oslo. Den gangen var det Lars S. Vikør som var aktiv. Nå veit vi at det er grunnlag for å ta opp att arbeidet ved universitetet, og det vil bli liknende salgs- og opplysningsaksjoner fleire ganger i tida som kommer. Det gir sårt tiltrengte midler til LSS, og det sprer kunnskap og fjerner vrangforestillinger om samnorskpolitikken.

Også andre plasser i landet burde det gå an å få i stand meir utadretta virksomhet. Rett nok er medlemsmassen temmelig spredt over alle fylka. Men det er steder med ganske stor medlemskonsentrasjon, f. eks. Skien—Porsgrunn-området, Lillesand, Kristiansand, Kristiansund. Det trengs forresten ikke fleire enn 2—3 personer for å sette opp et bord/en stand eller selge bladet på anna vis en dag eller to, på skolen, på arbeidsplassen, på gater og i samlingslokaler. Dermed kan det gjøres et aktivt slag for samnorskpolitikken de fleste steder i landet.

Interessa for språk er utbredt blant norske kvinner og menn, fordi de fleste sjøl har opplevd og opplever språkproblem. Mange vil være glad for «Språklig Samling». Vi lever ikke lenger under 50-åras riksmålspropaganda og bastante folkemålshets. Tvert om: Den språklige sjølkjensla har vokst de siste åra, og stadig fleire får ei bevisst og positiv holdning til morsmålet sitt. En samnorsk skriftspråkspolitikk, som har folkemåla over heile landet som grunnlag, har derfor stadig bedre forutsetninger til å bli tatt imot med glede og vinne fram.

Det trengs bare ett innsatsvillig medlem på hvert sted. Vedkommende kan skrive til laget eller bladet og be om oversikt over andre medlemmer i distriktet. Og det trengs slett ikke mange på et sted for å danne et lokallag og/eller organisere salg av bladet. Det er ikke nødvendig å verve fleire hundre medlemmer på raude rappen, slik det hende under et møte på Sunndalsøra i 1961. Det er den jamne aktiviteten, først og fremst bladsalget, som er viktigst nå.

Ta dette som den oppmuntringa og den utfordringa det er: Slå dere sammen, to-tre eller fleire, og skriv etter blad og anna materiell. Dere er ikke aleine (det veit vi som har kartoteket), og det er, som nevnt, ei grei oppgave å selge «Språklig Samling». Utviklinga av ett folkelig norsk skriftspråk, til støtte for morsmåla våre, er et stort frigjøringsarbeid som er vel verdt en innsats.

---

## Om knot og blandingsmål

Det hersker en del forvirring med omsyn til hva det ligger i ordet «knot».

For ei tid sia stod det i bladet «Språklig Samling» et par artikler som berørte dette emnet. I den ene av disse artiklene, skrevet av Lars S. Vikør, het det i innleiinga bl. a.:

«Opphaveleg tydde det (altså ordet knot) «å snakke fint riksmål», vel å merke dersom ein ikke var oppvaksen med det.»

Dette er utvilsomt riktig. I min barndom hørte jeg at hvis f. eks. ei landsens jente hadde vært i tjeneste hos en «fin» byfamilie noen uker eller måneder, og så kon heim til bygda på besøk, og da snakka «fint», da var det knot. Noen annen tyding av ordet var det aldri snakk om.

I våre dager derimot opplever vi forsøk på å legge andre tydingar i ordet. Men hvor kommer disse nye tolkingene fra? Jo, det er tydelig at det er de mest konservative på riksmålssida som er ute

---

— av Tomas Refsdal —

---

og går. De likte ikke det egentlige innholdet i ordet knot, det gikk dem litt imot, og så har de simpelt hen prøvd å snu det heile opp ned. Nå kaller de det for knot når noen går *fra* de gamle stive riksmålsformene og over til et mer naturlig norsk språk, det være seg skriftlig eller muntlig. Derfor hater og frykter de det felles skriftspråket som vi i Språklig

Samling arbeider for, altså samnorsken. (Samnorsk er jo det samme som *fellesnorsk*.) Vi vil nemlig bygge dette felles skriftspråket nettopp på det vanlige og naturlige norske talespråket i by og bygd. Dette kommer på tverke for de konservative på riksmålssida, og så søker de å sverte heile språksamlingstanken ved å kalle mellomformer i språket, det vil si det mest alminnelige norske språket, for knot. Det er nesten tragikomisk.

Riksmålsfolk sier gjerne at de godkjenner også nynorsken (om de enn bekjemper den aldri så mye). Hva er da grunnen til at de ikke vil godkjenne et fellesspråk som bygger på et gjennomsnittlig norsk talespråk i dag?

For det første er disse menneskene konservative, og derfor vil de holde på det gamle. Og her er de for så vidt på linje med en del nynorskfolk, som også vil holde på det gamle, om enn på motsatt side. Dernest frykter ikke riksmålsfolk for nynorsken. De er klar over at nynorsken ingen sjanser har til å seire i språkkampen og bli framtidens felles skriftspråk. Og heri har de naturligvis rett. All utvikling den siste mannsalderen viser det. Annerledes fortøner det seg når det er snakk om et skriftspråk bygd på det som stort sett er landets talespråk. Forholdet er nemlig det at et lands talespråk er *det eneste naturlige grunnlaget for skriftspråket*. Skriftspråket skal så å si representere talespråket — på papir. Derfor er den utviklinga vi har hatt her de siste hundre åra — nemlig at skriftspråket nærmer seg talespråket — både riktig og naturlig, ja simpelt hen uunngåelig.

For di talespråket er det eneste naturlige grunnlaget for skriftspråket, er frykten blant riksmålsfolk så mye større for samnorsken enn for nynorsken. Riksmålsfolka er fullt klar over at deres egen målform brukes — som talespråk — bare av et lite mindretall her i landet. På dette punkt står det altså svakt, og nettopp det gjør at det er en viss nervøsitert til stede. Noe av det samme gjelder jo også nynorsken. De aller fleste mennesker her i landet snakker et

språk som ligger et sted *imellom* det konservative riksmålet og den konservative nynorsken. For så vidt vi kan si at hvis mellomformene mellom våre to ytterformer på språkfronten skulle være knot, da ville nesten heile det norske folk knot! En absurd tanke.

Nei, å godta — og bruke — landets eget språk er *ikke* knot! Det er i motsatt retning vi finner knotet.

Vi bør ikke la riksmålsfolkets taktiske manøvrer på dette felt få fritt spillerom. Vi bør holde på — og bruke — den tydinga «knot» alltid har hatt: etteraping av det såkalte «fine» — for sjøl å være «fin», (og ofte med dårlig resultat).

Det andre ordet som av og til brukes om samnorsken er «blandingsmål». Er den framtidige fellesnorsken, slik vi må tenke oss den i dag, et blandingsmål? Nei, i realiteten er også dette uttrykket fullstendig feilaktig. Vi tenker slett ikke på å putte det konservative riksmålet og den konservative nynorsken opp i en hatt, og så røre godt om og trekke ut et blandingsmål. Som nevnt skal vi ganske enkelt bygge på det norske talespråket, det som er et gjennomsnittlig talespråk her i landet når både by og bygd regnes med. Er da det *vanlige* norske språket et blandingsmål, mens at to konservative formene vi har ikke er det? Nei, jeg trur nok at de fleste vil innse at det mest konservative riksmålet er i større grad et blandingsmål enn det som gjennomgående er et norsk talespråk.

Et språk kan naturligvis være *påvirka* av andre språk, hvilke språk er vel ikke det? Er ikke det engelske språket engelsk, uansett hvor mye det er påvirka av andre språk? Ingen sier at «nå skal vi lære det engelske blandingspråket». Også her i landet vil vi en gang få vårt fellesnorske (samnorske) skriftspråk. Spørsmålet er bare når det vil bli. Da vil det ikke bli kalt verken knot eller blandingsmål, for det er ingen av delene, men kort og godt *norsk*. Dit burde vi komme så snart som mulig. Vi ville tjene stort på det. Derfor bør alle som er enig i tanken om å skape et felles skriftspråk her i landet — istedenfor fortsatt å slite med to språk — slutte seg til Landslaget for *Språklig Samling*, som arbeider nettopp med dette mål for øye. En bør ikke dra seg unna fordi en føler at det er lite en kan gjøre. Enkeltvis er det kanskje lite vi kan gjøre, men *til sammen* kan det bli en god del. Bare det å stå som medlem og betale en liten årskontingent er en viss innsats. Det er ei stor nasjonal oppgave å samle Norge til ett rike — på dette området.

## Betaling for 1976

I dette nummeret, nr. 1/1976, legg vi inn betalingsblankett for 1976. Somme har alt betalt, og vi takkar for det. Til andre vil vi seie:

**BETAL NÅ!**

Laget er inne i ein aktiv periode, med tilsig av nye medlemmer. Men vi treng midlar.

Trykningsutgiftene og bladportoene stig. Sentralstyret tar likevel sikte på å få sendt ut eit ekstra nummer av bladet i år.

Dessuten er det tid for litteraturpris.

Det er opp til medlemmene om laget skal makte dette!

*Kasseraren.*

## GAVER

O. Åse 30,—, T. Nomeland 30,—, J. Valved 50,—, O. K. Nomeland 20,—, R. Aavik 30,—, O. Hoel 10,—, S. Haraldseid 10,—, J. Aune 10,—, K. T. Unhammer 10,—.

## Rettskrivingssaka i Norsk språkråds bokmålsseksjon utsatt på nytt

Årsmøtet i Norsk språkråd på Klekken ved Hønefoss 30.—31. januar i år var prega av riksmålsrepresentantenes trussel om «sprengning» dersom krava deres til revisjon av læreboknormal og rettskriving i bokmål ikke fikk tilslutning.

Bokmålsseksjonen var stemt for å slutføre denne saka på årsmøtet. Det eneste utsetningsforslaget, som LSS-representanten Ivar Grotnæss hadde lagt fram, fikk liten oppslutning, og Grotnæss fant det rett å trekke forslaget tilbake.

Det ble stemt over ei rekke av de forslaga som forelå under rettskrivingssaka. Men debatten låste seg når det gjaldt det sentrale punktet, læreboknormalens gyldighetsområde og form. Eyvind Fjeld-Halvorsen la første dagen fram forslag om å utsette avgjerda om læreboknormalens gyldighetsområde til dens form var klarlagt. Men det vidare ordskiftet la for dagen at form og gyldighetsområde ikke lot seg behandle atskilt og at spørsmålet om læreboknormalen måtte ses i sammenheng med rettskrivinga.

Mot slutten av møtene forelå følgende 3 forslag:

— Eyvind Fjeld-Halvorsens, som tillot *-en* i hokjønn over heile linja i rettskrivinga, men som opprettholdt ein læreboknormal for lærebøker;

— Trygve Bulls, som også tillot *-en* i hokjønnsord over heile linja i rettskrivinga, men som ville at læreboknormalen skulle gjelde offentlig målbruk og NRK (teksting, skoleradio/-fjernsyn, hallo- og meldingstjenesten/ dagsnytt) ved sida av lærebøker;

— Egil Pettersens, Leif Roksums og Finn-Erik Vinjes, som opprettholdt obligatoriske *-a*-endinger om lag som nå i rettskrivinga, og som utvida læreboknormalens gyldighetsområde til offentlig målbruk (men ikke NRK) i tillegg til lærebøkene.

Riksmålsrepresentantenes krav om at læreboknormalen skulle fjernes heilt og at *-en* i hokjønnsord skulle «frigris» i rettskrivinga, falt igjennom.

Ei prøveavstemming viste knapt fleirtall for Pettersen/Roksum/Vinjes forslag, men situasjonen i seksjonen var da så vanskelig at rådet fant det riktigst å sende saka tilbake til særutvalget for bokmål. (Særutvalget blir nå supplert med det nye medlemmet i bokmålsseksjonens fagnemnd, professor Jakobsen fra Universitetet i Trondheim.)

Saka må følgelig opp på nytt i et seinere møte i Språkrådet.

\* \* \*

Språkrådet gjorde likevel ett betydningsfullt vedtak i samla råd. Alle rådsmedlemmene var samstemte om å rå Forbruker- og administrasjonsdepartementet til å opprette ei språkkonsulentstilling.

Konsulentens oppgave skal være å gi råd og rettledning overfor publikum om deres språklige retter.

Et fleirtall i samla råd rådde også til at Kirke- og undervisningsdepartementet oppretter ei språkkonsulentstilling. Konsulenten i denne stillinga skal ha i oppgave å føre tilsyn med språkbruken i den offentlige forvaltninga.

Riksmålsrepresentantene satte seg imot denne tilsynstjenesta.

## Frå rettskrivingsordskiftet i nynorskseksjon av Norsk språkråd 11. oktober 1975

*Norge—Noreg.*

*Sørebø* bad om at spørsmålet om å tillate forma *Norge* måtte bli drøfta. Han viste til at *Norge* kjendest som den naturlege namneforma for store delar av nynorskbrukarane.

*Aksnes* sa at han ville stø framlegget frå *Sørebø* om *Norge*.

Like eins gav *Skartveit* uttrykk for at avgjerda om ikkje å tillate *Norge* måtte revurderast. Han viste til at *Norge* kjennest som den naturlege namneforma for store delar av nynorskbrukarane.

*Haraldseid* meinte dette var eit vanskeleg spørsmål å ta stilling til. I ei så viktig sak var det ulike omsyn å ta, men dersom ein ønskte at nynorsken skulle vere i takt med talemålet, var det gode grunnar for å jamstille *Norge* med *Noreg*.

*Mæhle* peikte på at det låg føre tre alternativ:

1. Berre tillate forma *Noreg* i nynorsk.
2. Tillate at forma *Norge* blir jamstilt med forma *Noreg*.
3. Tillate forma *Norge* som sideform.

Han spurde om nynorskseksjonen som ei førebels løysing kunne samle seg om alternativ 3.

*Rundhovde* sa seg samd i framlegget frå *Mæhle*. Ho ville legge vekt på at *Norge* var ei like norsk form som *Noreg*.

Både *Lauvdal* og *Molde* understreka i sine innlegg at sia *Noreg* har så lite grunnlag i talemålet, var det ikkje grunnlag for å halde på *Noreg* som einaste form.

Dette framlegget frå *Haraldseid* blei deretter vedtatt:

«Nynorskseksjonen vil be fagnemnda vurdere ein gong til om ikkje namneforma *Norge* no bør godkjennast i nynorsk anten som jamstilt form eller sideform.»

I fleire av innlegga blei det bedt om at saka måtte bli tatt opp att på det neste rådsrådet.

Når det galdt *nynorsk rettskriving generelt*, var det semje om at det ikkje burde gjerast store endringar i dag.



*Mæhle* meinte det ville vere ein føremon å halde på ei relativt fast norm no. Men sia nynorsk skal vere samnemnar for levande talemål, var han overtydd om at de tvillte bate nynorsk å halde kontakten med talemålet. Derfor meinte han det ville vere rett å justere den gjeldande normalen noe, ikkje fordi han ville jenke nynorsk etter bokmål, men fordi han ønskte ein nynorsk som er i samsvar med talemålet og som folk med eit normalisert nynorsk talemål kjenner seg heime i og vil bruke. I den samanheng peikte han på at austnorsk og trøndsk iallfall tidlegare ikkje fann seg heilt til rette med nynorsk skriftmål fordi dette lenge var dominert av vestnorsk. Dei krava som er komne fram om å opne for eit vidare ordtilfang og å justere ulikskap, er helst eit teikn på at større område no vil vere med og bruke og forme nynorsk, og ein bør ta omsyn til det.

*Hellevik* sa han kunne underskrive det meste *Mæhle* hadde sagt. Sjølv var han opptatt av forholdet mellom dialektane og skriftspråket, og hadde med glede sett korleis dialektane var komne meir i hevd. Han ville og peike på kor viktig det er å halde kontakten med utbreidd talemål i landet. Kanskje burde ein komme talemålet meir i møte med å ta opp fleire sideformer. Men opnar vi for mykje utan at det samtidig er ein stram læreboknormal, kan det vere fare for at rettskrivinga vil bli for laus, og det er svært viktig med stabilitet, sa *Hellevik*.

*Aksnes* viste til brevet sitt av 17.11.72, der han bad om å få ei rekkje skrivemåtar og ord godkjende i nynorsk, og sa at han ikkje fann svar på alle dei spørsmåla han hadde stilt, i det utsende referatet frå møtet i nynorskdelene av fagnemnda 19.6.75. Der var berre ein del av orda nemnde. Han hadde dessutan prinsipielle innvendingar mot behandlingmåten. Når det galdt formverket i nynorsk, kunne han vere med på at det skulle stå nokså fast ei tid framover, enda om han personleg var mot ein del av det, t. d. samsvarbøyinga av linne verb. Han var meir opptatt av det grafiske ordbildet og av ordtilfanget. At nynorsk måtte ha eit spesielt, avgrensa ordtilfang, kunne han ikkje godta, og gjekk mot å stenge ute ord som nynorskbrukarane trong. Ein slik nasjonalistisk, aristokratisk tankegang vil utan tvil vere ei dødslinje for nynorsk, og folk flest vil ikkje fatte at det er vegen å gå, sa han.

*Djupedal* forklarte at mange av vokalendringane på lista var gjorde fordi ein hadde prøvd å få større konsekvens i vokalsystemet i læreboknormalen som har mange døme på inkonsekvensar. Han meinte og ein burde komme radikalt bokmål i møte der det var naturleg.

*Sørebo* tykte det i noen innlegg hadde komme fram ein tydeleg redsel for at nynorsk skulle få fleire ord som er felles med bokmål. Etter hans meining var det ikkje noen skade med ei slik tilnærming, dersom det ikkje går ut over den rotnor-

ske tonen i målføringa. Trur vi at vi bergar nynorsk med å halde på ord som verkar avlegse, kuriøse og halde vekk ord folk treng? spurde *Sørebo*. Han la til at han oppfatta språket som eit middel til å gjere seg forstått og ikkje som noko estetisk vi pyn-tar oss med av og til, men som ingen kan bruke.

*Lauvdal* bad om at det på eit av dei første møta i rådet måtte bli høve til å ha ein generell debatt om ordtilfanget og bøyingsverket i nynorsk. Ho meinte det var uheldig om ein fekk stor avstand mellom talemål og skriftspråk.

*Drøfting av dei sidene ved eventuelle endringar i bokmålsrettskrivinga som vil ha konsekvensar for nynorsk.*

Det var semje om at det ville vere uheldig om bokmål skulle velje å gå bort frå systemet med ein avgrensa normal innanfor rettskrivinga. Medlemmene var samde om at nynorsk skulle stå fast i spørsmålet om læreboknormal/riksnormal.

Ma

## Rettskrivingsarbeidet i nynorskseksjon av Norsk språkråd

Hausten 1972 sendte *Magne Aksnes*, nynorskrepresentanten vår i Norsk språkråd, inn til Språkrådet ei liste på om lag 160 ord og bad om at fagnemnda i nynorskseksjonen måtte få i oppdrag å vurdere om desse orda nå kunne bli tillatt i nynorsk med bokmålsortografi. (Dei fleste orda er å finne i ordlista i *Framlegg til samlenormal*, som Landslaget for språklig samling offentliggjorde i 1966.)

Nynorskfagnemnda har behandla lista på fleire møte og har gjort framlegg om å godkjenne ein del av orda, særleg der det av konsekvensomsyn er naturleg at nynorsk tar opp bokmålsskrivemåten ved sida av den nynorske.

Fagnemnda rår til at følgjande skrivemåtar blir godkjende:

alter	skinn(-problem)
arr	skrog
boble VS	skjell
brønn	skjul/skjule
bønn	skramme
dykke/dykker	sparkstøtting
dvele	sprell
flass	spryd
fråde	størkne
gjette	Syden/sydending
gnikke	sømje
kikk/kikke	trav/trave
male/maleri	trinn
midd	true/trussel
måke/måking	tvare

## SPRÅKRÅDET

ramme  
råt/råte/råten/råtne  
skap  
siv

## SPRÅKRÅDET

tyttebær  
vettig

## SPRÅKRÅDET

## SPRÅKRÅDET

Ein var dessuten inne på tanken om å godkjenne noen fleire ord i bokmålsform, t.d. lær, skjær, bud, angel, gang (gong), sang, stang, tang, trang, lørdag, landsted, uten, dessuten, sammen, sjelden, skygge, enig, hedning, tegn/tegning, seier, seire, seil, speil/speile, vindu, ødsle, skjønne, spell, skjøge. Ein heil del frekvente ord, der den grafiske skilnaden kan synast liten og unødvendig, er ikkje nemnde i det materialet Språkrådet har sendt ut. Ein kan t. d. liste opp desse orda:

bære, være, skjære, ellers, gave, glass, grønn, (inn-) hold, jfr. forhold, (be-)holdning, havn, hevn, navn, ovn, kritt, krutt, mulig, salg, valg, sjøl, tall, åpen/åpne.

I det heile er det tydelig at nynorskfagnemnda er prega av ein svært restriktiv holdning til dei mange ønskemål om større og mindre rettskrivingsendringar som har komme fram frå ulike hold. Dette kan vere bra og ikkje bra. Det spørst vel om det ikkje blir nødvendig å vise litt større liberalitet også i nynorsken — særlig dersom læreboknormalen framleis skal gjelde for styringsverket. I skolen ville det utvilsomt skape større velvilje overfor nynorsken om ein kunne bli kvitt det meste av det pirket som unødvendige ortografiske ulikheiter fører med seg for norskopplæringa. Dette ville være ei særlig stor vinning for sidemålsopplæringa.

Rettskrivingsspørsmålet blei drøfta på nytt ved årsmøtet i Norsk språkråd nå i januar. Det blei ikkje gjort noen endelige vedtak i saka denne gongen heller. Spørsmålet om å godkjenne forma *Norge* blei utsett, da ein gjerne vil få inn fleire fråsegner frå impliserte partar før ein tar endelig stilling til saka.

Ma.

## Ordtilfanget i nynorsk

Ordsiftet om ordtilfanget i nynorsk går vidare. Det heiter seg at prinsipielt er alle norske ord gangbare både i nynorsk og bokmål — så sant dei passer i sammenhengen. Og «norske ord» kan ikkje her bety bare heilnorske ord, men og ord av unorsk opphav, t. d. ord med tysk-dansk rot. Kva så med eit ord som *forslag*? Er det så mye dårlegare enn *framlegg*? Må det absolutt heite *vonbrott* på nynorsk, eller kan *skuffelse* passere? Kva med *begravelse* kontra *gravferd*? *Dugleik* er eit framifrå og velklingande ord. Men kva heiter det i fleirtall? Kan ein snakke om *dugleikar*? Bokmål har *ferdigheter*. Kan ein da i nynorsk bruke *ferdigheiter*? Eller kanskje *tamar*? I teorien er alt greitt. Men så er det dette med nynorskens struktur. Ikkje alle ord passer inn i *systemet*, heiter det. Det blir *stil-*

*brott* av det. Men er det ikkje nå på tide å prøve å brøyte ny veg? Dette med språk og språkformer er jo ei vanesak. Det ville være interessant å få greie på kva lesarane meiner om dei problem ordvalget reiser når dei skal skrive ein lett og ledig nynorsk uten preg av papirmål. La oss få høre litt om dei *røynsler/erfaringar* de har i den daglige bruken av denne målforma!

I mellomtida tillet vi oss å sitere kva «Framlegg til samlenormal» seier om ordtilfanget i ei målform av det slaget vi samnorsksfolk bør gå inn for:

«Vi ser det slik at ordtilfanget er den minst viktige delen av en samlenormal, fordi det på dette området er unødvendig å normere. Hver enkelt skribent må stå fritt i valg av ord og uttrykk. Her er det gjort feil både av nynorskens og av riksmålets talsmenn. De har prøvd å stenge ute fra sine respektive målformer ord av en viss type. For nynorskens vedkommende dreier det seg om ord av tysk-dansk rot, for riksmålets vedkommende om særnorske ord. Vi vil prinsipielt ta avstand fra dette, og hevde at alle ord som blir brukt i vanlig tale her i landet, bør kunne brukes også skriftlig. Både «danske-komplekset» og «folkemålskomplekset» bidrar til å utarme språket, og vi går derfor inn for å kvitte oss med begge.

Dette vil ikke si at vi skal bruke det første og beste ordet som faller oss inn. Ei forstandig mål dyrking vil alltid være av det gode. Vi meiner såleis at så sant vi har et godt norsk ord for et omgrep, bør vi bruke det. I så måte kan vi gjerne være purister. Vi har mange korte og greie ord som gjerne kan brukes i staden for meir tungvinte riksmålsord, t. d. *høve* for *anledning*, *merknad* for *anmerkning*, *bruk* for *avbenyttelse*, *avvik* for *avvikelse*, *skade* for *beskadigelse*, *vern* for *beskyttelse*, *mistak* for *feiltagelse*, *framsyn* for *forutseenhet*, *tålmod* for *tålmodighet*, *samsvar* for *overensstemmelse*, *vanske* for *vanskelighet*, osv.

Et spesielt problem utgjør de anglo-amerikanske lånorda som flømmer inn over oss, særlig fordi det engelske lydsystemet avviker sterkt fra det norske, slik at disse orda ofte stikker seg ut fra sine spesielle språklige omgivelser. I mange høve dekker slike ord et omgrep som tidligere ikke har hatt et tilsvarende norsk uttrykk, og da kan det være vanskelig å unngå dem. Andre ganger blir de brukt p. gr. a. sin «snob value», enda vi har gode norske ord for det samme. Denne tendensen bør etter vårt syn motarbeides. Det bør heite *saft* på norsk, ikke *squash*, *tenåring*, ikke *teenager*, *vidlerret*, ikke *wide screen*, *snøbil*, ikke *snowmobil*, *kampånd*, ikke *fighting spirit*, osv.

Vi kan summere opp vårt syn slik:

En forsiktig purisme kan være til gagn for språket, viss den blir dreven med vett og forstand. Overdreven purisme er derimot skadelig, liksom det er skadelig å være heilt ukritisk i ordvalget.»

Ma

# FRAMLEGG TIL PRINSIPPROGRAM

## Jahrs framlegg til nytt prinsipp-program:

1. LSS vil kjempe for språklig sameining av det norske folket ved ei sosial oppreising av det folkelige talemålet i landet, og vil arbeide for eit samlande norsk skriftmål bygd på målføra i bygd og by, med stor fridom i ordval og med folkelig seiemåte.
2. LSS ser skilnader i språk og språkbruk som uttrykk for ulike kulturformer, og vil stø arbeidet med å styrke den folkelige kulturen.
3. LSS ser alt talemål av innfødde nordmenn som variantar av norsk mål, og meiner at målstriden i dag først og fremst er ein sosial strid. Derfor ser LSS det arbeidet som Riksmålsforbundet driver for det konservative bokmålet («riksmål»), som bygger på talemålet til ein sosial og økonomisk elite i landet, som det viktigaste hindret for å nå fram til eitt sams skriftmål bygd på folkemålet.
4. LSS vil stø kravet om reell jamstelling for nynorsk skriftmål på alle område i samfunnet.
5. LSS ser presset frå den anglo-amerikanske kulturen som den største faren for norsk mål i dag, og vil arbeide for å stø det norske målet mot påverknad frå denne kulturen.
6. LSS går inn for at folkevalde organ framleis skal styre språkpolitikken i landet, og vil motarbeide at ein gir konsesjonar til riksmålsformer som mest blir haldne oppe av pengesterke aviser og forlag.
7. LSS vil arbeide for at det offentlige skal nytte eit folkelig mål, særlig i publikasjonar og anna informasjonsstoff.
8. LSS meiner arbeidet mer å oppnorske ord og omgrep i ulike fagspråk må få langt meir vekt i språkrøktarbeidet enn det til nå har hatt.
9. LSS vil stø samane i deires strid for samisk språk og kultur, og fremmdarbeidarbarna sin rett til å få undervisning i og på sitt eige morsmål.

Ernst Håkon Jahr.

## Framlegget til prinsipp-program: Ein kommentar

«Språklig Samling» nr. 4-1975 ber bod om ei nyorientering i laget. Det har lenge ligge i lufta at den måtte komme, om det ikkje skulle vere dømt til å visne heilt bort. Geirr Wiggen peikar i leiarartikkelen på det språkteknokratiske preget laget har hatt, dels pga. føremålsparagrafen, dels pga. at det ikkje har vore i stand til å ta opp i seg dei nye straumdraga i målstriden dei siste åra. Konkret språkpolitisk analyse og sjølkritikk er naudsynt om vi skal kome ut av bølgedalen og på nytt få ein funksjon.

Den grunnleggande kjensgjerninga vi må gå ut frå er at størstedelen av det norske folket er språkleg undertrykt. Det gjeld i første rekke dei som av samfunnsmessige årsaker må nytte eit konservativt bokmål som skil seg klart frå det talemålsgrunnlaget dei har. Dei har ingen språkstridsorganisasjon dei kan utfalda seg og kjenne seg heime i. Det viktigaste målet for LSS må bli å bidra til å mobilisere desse til kamp for egne målkrav: først og fremst full respekt for talemålet deira, i neste omgang eit skriftmål som kan gi uttrykk for dette talemålet. I tillegg er det viktig å motarbeide kløyvingar og motsetnader mellom grupper som har sams interesser: Austland/Vestland, bygdefolk/byfolk, bokmålsbrukarar/nynorskbrukarar. Det endelege målet bør vere ei målørsløse til kamp mot dei krefte som har interesse av å halde ved lag den språklege undertrykkinga av store folkegrupper.

Det første som må skje, er at laget tar eit sterkt sjølvkritisk blikk på den verksemda det har drive til no. Det viktigaste og mest handfaste vi har gjort, var å gi ut framlegget til samlenormal. Eg var sjøl med på det og står som medforfattar til det endelege produktet. Arbeidet med samlenormalen tok til i 1960, året etter at læreboknormalen kom og LSS vart skipa (og vart avslutta i 1966), og speglar att det målpolitiske klimaet på den tida: det var rettskrivingsspørsmåla som dominerte språkstriden. Riksmålsforbundet var på offensiven og hadde tvinga språknemnda til å ta eit halvt steg attende på tilnærmingssvegen i læreboknormalen av 1959. På den bakgrunnen var det naturleg at skiparane av LSS såg eit konkret samnorsk rettskrivingsframlegg som den beste måten å markere seg på i striden. I dag er situasjonen heilt annleis, og det må

vere rett å hevde at laget tok til i galen ende da det starta med rettskrivingsarbeidet. Det syner seg m.a. i at samlenormalen tok utgangspunkt i dei to offisielle skriftnormene, og at han i praksis kom til å helle sterkt over mot bokmål. Grunngevinga var at nynorsken var på retur, det var om å gjere å redde stumpene. Premissane for rettskrivingsarbeidet var altså gjevne, det var berre spørsmål om ei teknisk samanslåing på grunnlag av dei tendensane ein kunne øygne, og så arbeide for å få folk til å velje det nye alternativet ut frå ein reint praktisk-økonomisk argumentasjon.

I dag er det klart at dei premissane vi trudde var fastlagt, ikkje er det. Folk, særleg ungdom, har reist seg til kamp mot språkundertykkinga. Vi har fått dialektaksjonar og ei sterk oppbløming av nynorsken. Det er langs denne lina vi må arbeide vidare, og såleis sjølve bestemme premissane for den endelege samnorske (eller gjerne nynorske) rettskrivinga som til slutt kjem ut av dette. Reint rettskrivingsteknisk bør vi førebels avgrense oss til å hindre attendeslag i form av at riksmålsformene blir legalisert.

Som utgangspunkt for eit konkret ordskifte om kva for språkpolitikk vi bør føre, har Ernst Håkon Jahr forma til eit framlegg til prinsipp-program for laget. Det står prenta på framsida av det nemnde nummeret av bladet. Sakleg sett er det framifrå, men formuleringane kan gjerast betre på fleire punkt. Eg skal kommentere punkt for punkt og foreslå konkrete endringar. Dessutan vil eg foreslå tre nye punkt og ei endring i rekkefølga.

1. Det bør stå at vi vil «arbeide for eitt samlande norsk skriftmål» osv.
2. Punktet om kulturformer bør stå lenger nede, slik at dei direkte målpolitiske punkta kjem først. Eg kommenterer derfor Jahrs punkt 3 her:

«alt talemål av innfødde nordmenn» er ikkje så bra språkleg. Det bør stå: «— det naturlige talemålet til alle innfødde nordmenn». Også her har vi eit problem: Er samane innfødde nordmenn eller er dei ikkje? Eg lar det passere her, men reiser spørsmålet. — Det er tvilsamt å utrope Riksmålsforbundet til «det viktigaste hindret» for ei språkleg frigjering. Eg vil foreslå: «Det

viktigaste hindret for å nå fram til ei sams folkeleg skriftnorm er den maktstillinga det konservative bokmålet har i samfunnet i dag, først og fremst i sentrale normgjevande instansar som presse, kringkasting, forlag, bedrifter, organisasjonar og offentleg administrasjon. LSS vil kjempe mot denne norma og Riksmålsforbundet sine freistnader på å konsekvere henne.»

3. Framlegg til nytt punkt 3:  
«LSS meiner at kvar nordmann i prinsippet må kunne nytte sin eigen dialekt i alle situasjonar, og går mot offentleg talemålsnormering (t. d. i skolen) og privat språktvang (t. d. i næringslivet).»
4. Her har eg ingen merknader.
5. Framlegg til nytt punkt 5:  
«LSS går inn for at skolemålet over heile landet bør vere mest mogleg i samsvar med det folkelige talemålet på staden.»
6. Framlegg til nytt punkt 6:  
«LSS går inn for at norskopplæringa i skolen bør styrkast. Ein bør legge sterk vekt på målførekunnskap og språkhistorie som bakgrunn for kunnskap om den noverande språkstoda. Opplæringa i skriftnormene bør legge vekt på å syne kva tilhøve dei står i til dialekten på staden.»
7. Her meiner eg at Jahrs punkt 2 bør komme inn, men formuleringa bør gjerast betre. Seier vi at «skilnader i språk og språkbruk» er «uttrykk for ulike kulturformer» får vi ikkje fram den sosiale tilknytninga dei ulike kulturformene har. Det er rettare å seie at skilnader i språk og i kultur kjem av ulik miljøbakgrunn, dels geografisk, dels (og viktigare) sosialt. Eg foreslår denne ordlyden:  
«LSS meiner at skilnader i kulturformer har samanheng med språklige og sosiale skiljeliner, og vil stø arbeidet med å styrke den folkelege kulturen mot presset frå den kommersielle massekulturen.»
8. Som punkt 5 hos Jahr, men «presset frå den anglo-amerikanske kulturen» bør endrast til «det anglo-amerikanske språkpresset», og «påverknad frå denne kulturen» bør bli til «dette trugsmålet».

Dei tre siste punkta hos Jahr har eg ingen endringsframlegg til. Dei blir i mitt framlegg ståande som nummer 9, 10 og 11. Sær viktig er det siste punktet, om sameane og fremmdarbeidarane. Det markerer at når vi strir for språkleg fridom og jamlikskap i det norske samfunnet, rekk solidariteten vår lenger enn til den norsk-språklege majoriteten. Samar og immigrantar har sjølv sagt langt vanskelegare språkproblem å stri med enn dei norsk-språklege, og ei «språkleg sameining av det norske folket» er ikkje fullført før dei er komne med. Dette syner igjen kva «språkleg sameining» eller «språkleg samling» må tyde for oss: ikkje at alle skal snakke og skrive likt, men at alle skal kunne delta i samfunnslivet på like fot, utan omsyn til språklege skilje. Sjølv om alle må lære ei skriftnorm — og språkminoritetar må lære norsk — skal alle ha same retten til å tuft personlegdomsutviklinga si på sitt eige språklege og kulturelle grunnlag.

Da står berre punkt 6 hos Jahr att, og det har eg ikkje tatt med i framlegget mitt. Siste delen av det blir dekt i punkt 2 (i mi nummerering) her oppe. Å gå inn for at «folkevalde organ framleis skal styre språkpolitikken i landet» kan bli eit tvi-egga sverd, for vi veit at sterke krefter i visse partipolitiske sirklar går inn for ei avpolitisering av språksaka, og at press og aksjonar retta mot stortingsvedtak kan vere naudsynt (jfr. læreboksaka).

Dei tre siste punkta hos Jahr har eg ingen endringsframlegg til. Dei blir i mitt framlegg ståande som nummer 9, 10 og 11. Sær viktig er det siste punktet, om sameane og fremmdarbeidarane. Det markerer at når vi strir for språkleg fridom og jamlikskap i det norske samfunnet, rekk solidariteten vår lenger enn til den norsk-språklege majoriteten. Samar og immigrantar har sjølv sagt langt vanskelegare språkproblem å stri med enn dei norsk-språklege, og ei «språkleg sameining av det norske folket» er ikkje fullført før dei er komne med. Dette syner igjen kva «språkleg sameining» eller «språkleg samling» må tyde for oss: ikkje at alle skal snakke og skrive likt, men at alle skal kunne delta i samfunnslivet på like fot, utan omsyn til språklege skilje. Sjølv om alle må lære ei skriftnorm — og språkminoritetar må lære norsk — skal alle ha same retten til å tuft personlegdomsutviklinga si på sitt eige språklege og kulturelle grunnlag.

Lars S. Vikør.

## Merknad frå Gutorm Gjessing

Framlegget til Ernst Håkon Jahr er godt. Framom alt er punkt 5 viktig. Eitersom punkt 8 nemner særskilt ord og omgrep (i ulike fagspråk), kunne det kanhende vore nyttig å få inn noe om betydningen av å legge vekt på norske bøygingsformer og ordstilling.

Gutorm Gjessing.

## Forslag til endringer i Jahrs framlegg

H. Nygard, Nykirke ved Horten, foreslår ei rekke endringer i Jahrs framlegg til prinsipp-program. Nygards framlegg blir slik:

1. LSS vil kjempe for språklig sameining av det norske folket og arbeide for eit sams norsk skriftmål.
2. LSS vil stø arbeidet med å styrke den folkelige kulturen.
3. LSS ser visse sider av det arbeidet som Riksmålsforbundet driver som det viktigste hindret for å nå fram til eitt sams skriftmål.
4. LSS vil stø kravet om virkelig likestilling for nynorsk skriftmål på alle områder i samfunnet, men samtidig krevja endringer i nynorsk grammatikk.
5. LSS ser presset frå engelsk språk som ei stor fare for norsk mål i dag, og vil arbeide for å stø det norske målet mot påverknad frå denne kanten.
6. LSS går inn for at folkevalde organ framleis skal styre språkpolitikken i landet, og vil motarbeide at en gir etter for urimelige riksmålsformer som mest blir haldne oppe av pengesterke aviser og forlag.
7. LSS vil arbeide for at det offentlige skal skrive norske.
8. LSS meiner arbeidet med å oppnorske ord og omgrep i ulike fagspråk må få langt meir vekt i språkrøktsarbeidet enn det til nå har hatt.

H. Nygard.

## Framlegg til prinsipp-program for Landslaget for Språklig Samling

1. Landslaget for språklig samling vil arbeide for et samsnorsk skriftspråk, bygd på målføra i bygd og by. Vi ønsker å nå fram til dette målet gjennom ei gjensidig tilnærming mellom de to offisielle målformene våre, og gjennom full fridom i ordvalg og uttrykksmåte.
2. Landslaget ønsker at styringsverket skal nytte ei folkelig målform i all offentlig målbruk. På den måten kan en og styrke prestisjen til det folkelige talemålet i landet.

Arbeidet med å finne fram til gode norske ord og vendinger bør få større vekt enn før, slik at en kan unngå for sterk innblanding fra engelsk og andre språk.

Vi støtter kravet om full jamstilling for nynorsken på alle områder i samfunnet.

3. Landslaget for språklig samling går inn for at folkevalgte organ framleis skal styre språkpolitikken. Vi vil motarbeide ei språkutvikling som blir dominert av mektige konservative pressgrupper, og vil hjelpe til med å jamne ut den langvarige språkløyvinga i folket.

Magne Aksnes.

# Geirr Wiggen analyserer vår språksituasjon

Geirr Wiggen analyserer vår språkpolitiske situasjon i nr. 4/75 og ser tilløp til en ny «allianse» mellom den konservative og nasjonale fløy i nynorskleiren og riksmålsbevegelsen. I følge ham hadde vi en slik allianse i 20-årene med front mot Østlandsk Reisning, noe Wiggen bare fastslår, men ikke dokumenterer. Jeg kan ikke minnes at Einar Haugen drøfter denne alliansen i «Riksspråk og folke-mål» og en utredning eller mindre studie fra Wiggens hånd ville her unektelig være av interesse.

— av K. E. Steffens —

Når det gjelder den angivelige nye allianse bygger Wiggen på en artikkel av Ivar Eskeland i «høyre-organet» Verdens Gang (16.10.75), en leder i Aftenposten dagen etter og et par artikler av undertegnede (Aftenposten 20.10 og Dag og Tid nr. 81 i år). Hertil kommer Grete Riise som fremlegger et marxist-leninistisk syn i Stud Vest nr. 13/14-75.

Jeg er bange for at Wiggen er blitt offer for det politisk velkjente konspirasjonssyndrom som består i at man til stadighet oppdager lumske og underfundige sammensvergelses rettet mot seg og den gruppe man tilhører. Man konstruerer sammenhenger og forbindelser, ser plan og mønster i spredte og ofte temmelig tilfeldige handlinger og meningsyttringer. For å klare det må man ofte brutalt og hemningsløst tilskrive motstanderen meninger og motiver som en nøktern og uhildet vurdering ikke gir hjemmel for. (På venstreradikalt hold kalles den slags uelskverdigheter gjerne for «positivismekritikk»)

I det foreliggende tilfelle påstår Wiggen at jeg «frir» til konservative målfolk i mine to artikler, en tanke som ikke har så meget som sterifet meg før jeg leste Wiggens utlegning. Endog det radbrukne sitat som Wiggen anfører fra min kronikk i Aftenposten burde gjøre det tindrende klart at dette frieri er et produkt av Wiggens innbildningskraft. Det samme gjelder hans fantastiske påstand om at jeg skilte med et fjernt slektskap med Ivar Aasen «i håp om å vinne kampfeller blant målfolka». Da jeg efter mitt foredrag i Studentmållaget 7. oktober på en gemyttlig måte underholdt meg med redaktør Gabrielsen, som ville trykke mitt innlegg, nevnte jeg riktignok i spøkefulle vendinger at jeg stammet fra Ørsta og endog var fjernt beslektet med Aasen. Og da var det jo ikke så besynderlig at jeg fremholdt mitt innlegg på nynorsk, et poeng som ble brukt av Dag og Tid da man presenterte min artikkel for leserne, forståeligvis uten å spørre meg på forhånd. For hvem kunne tenke seg en slik plump utnyttelse av en i og for seg uskyldig og triviell kjensgjerning?

Til slutt noen ord om mitt virkelige syn på vår språksituasjon. Av historiske grunner har vi i vårt land to overdialektale riksspråk gjennom hvis former rike og betydelige litteraturer lever og overleveres. Disse to skriftspråk fremstår som karakteristiske mønstre og det subjektive uttrykk for dette er den *skriftspråkfølelse* som reagerer negativt når sammenhengen i disse mønstre brytes. Dette skjedde for alvor i 1938 og har utløst en språkstrid som særlig har aktivisert den part hvis skriftspråk er blitt mest molesteret. Opplevelsen av stilbrudd bunner i en almenmenneskelig følsomhet, som ikke er en funksjon av klasse-tilhørighet. Derfor ser vi at uvilje og motstand mot den tvangsmessige fornorskning eller språkteknokratens forsøk på å konstruere fremtidens nye enhetspråk, samnorsken, finnes i alle politiske leire. Folk flest er instinktivt språklig konservative, og denne spontane «konservatisme» er så

visst ikke en funksjon av at man partipolitisk hører hjemme på høyresiden i norsk politikk. Tilsvarende er sans for miljøvern til stede i de fleste partier og et miljøvernobjekt som f. eks. Homannsbyen blir ikke vurdert med tanke på hvilken klasse som opprinnelig bygget og bodde der, men ut ifra estetiske og trivselsmessige kriterier.

Det samme gjelder våre overdialektale skriftspråk og den kulturarv de formidler. De er med på å skape vårt livsmiljø og også fra et sosialistisk synspunkt må de i dag sies å tilhøre hele folket. Sosialistisk språkpolitikk blir da et spørsmål om språkpedagogikk: hvordan kan man på en mest mulig effektiv og hensiktsmessig måte lære folkets brede lag å bruke slike utmerkede språkinstrumenter som vi har i nynorsken og riksmålet? Og slik er da også den aktuelle språkpolitikk i alle land som kaller seg sosialistiske.

## Svar til K. E. Steffens

Riksmåls-agitatoren Steffens har sjølsagt ergra seg over artikkelen min i forrige nummer om riksmåls-høgnorsk-alliansen. Noe anna var ikke å vente. Her skal jeg knytte noen få merknader til Steffens' kritikk og synsmåter.

Steffens insinuerer innleiingsvis at jeg farer med tomme ord når jeg viser til en aktiv riksmål-høgnorsk-allianse i 1920-åra. Han nemner at professor Einar Haugen ikke drøfter denne alliansen i si bok *Riksspråk og folkemål*.

Grunnen til at Haugen ikke drøfter riksmål-høgnorsk-alliansen kan vel kanskje være at han ikke har kjent til den. Granskninga av enkelte kapittel i nyere norsk språkhistorie har lenge vært mangelfull. Når det har vært vanlig å snakke om 1920-åra som et rolig og nokså hendelseslaust språkpolitisk tiår, henger det sammen med at oppmerksomheten i for stor grad har vært retta mot offentlige tiltak.

Målstriden i denne tida fant i hovedsak sted i lokal-samfunn, på møter, i skolestyrer og aviser, ikke i Stortinget, departement og offentlige komiteer. Den utenomparlamentariske målstriden var til dels voldsom i 1920-åra.

Det er nok ikke plass for noen «utredning eller mindre studie fra Wiggens hånd» om dette her. Men noe skal jeg nemne, og ellers vil jeg vise Steffens og andre til meir omfattende beskrivelser.

Abonner på

**SPRÅKLIG SAMLING!**

Med rettskrivingsendringa i 1917 kunne skolene velge mellom en meir tradisjonell og en meir radikal (valgfri) variant av begge språkformer. De valgfrie formene var stort sett østlandsformer, og særlig skilte den valgfrie riksmålsforma seg frå det vanlige riksmålet. Den valgfrie riksmålsvarianten gjennomførte f. eks. hokjønnsbøyinga i substantiv, a-ending i preterium og preterium partisipp i verb som *kaste*, i bestemt form fleirtall av intetkjønnsord og i adjektiv som *trekanta*, pronomena *je, hu, noen, eia, anna, inga*, bruk av diftonger som i talemålet, og ordformer som *kvit, tru, golv, botn, hand, fjør, glømme, gras, høg, gard, mjølk, nere, sju, sjøl, tjuge* osv. Det var kort sagt talemålet på Østlandet som i stor grad fikk plass i skriftnormenes valgfrie former i 1917. Østlandsk reisning og sosialt orienterte medlemmer av Noregs Mållag støtta de valgfrie formene. I løpet av få år hadde ca. 2550 (ca. 64%) av alle de skolekretsene som ikke hadde landsmål, valgt den valgfrie riksmålsvarianten.

Dette skremte både riksmålsfolk og høgnorskfolk. Sekretæren i Noregs Mållag på den tida, kaptein Edvard Os, rykka ut i *Dagbladet* 2.10.1920 med artikkelen «Det botnlause rotet», der han oppmoda målfolk til å slutte å arbeide for det valgfrie riksmålet («halvnorsk») og i stedet kjempe for «ei fullnorsk maalform med ein gong». Det valgfrie riksmålet var nemlig ikke «noko kulturmaal»: «Ikkje *noko* blad og ikkje *noko* kultur menneskje brukar det.»

Så fikk østlendingen og andre som hadde valgt den valgfrie varianten, vite det! Professor Torleif Hannaas kalte folkemåla på Østlandet for *flatnorsk*: «Kann det vera spursmaal um kva som er det riktigaste, det venaste, det mest kultur-føre: høgnorsk eller flatnorsk?» spurte han. For han sjøl var saka grei: «... fjellbygdene avlar betre maal enn flatbygdene.»

I sine angrep på folkemålsarbeidet til Østlandsk reisning og målrørslas sosialt orienterte del fant høgnorskfolka et interesse-fellesskap med riksmålsfolka. Våren 1921 oppretta Riksmålsforbundet en egen pressekomite (Alf Harbitz, Mads Berg, Oscar Pedersen) som skulle ta seg av arbeidet mot de valgfrie formene. Denne komiteen var det som bl. a. omsatte Os' Dagblad-artikkel frå året før til riksmål og spredte den i mange tusen eksemplar over heile landet. Os' overskrift («Det botnlause rotet») adopterte riksmålsfolka til egen bruk i beskrivelser av Østlandsk reisnings arbeid og striden for de valgfrie formene. Pressekomiteen hadde ca. 225 aviser over heile landet til å trykke sine artikler og notiser.

Dette var ett eksempel frå riksmål-høgnorsk-alliansen i 1920-åra. Det fins fleire. Steffens og andre har i dag høve til å lese om denne tida i norsk språkhistorie i fleire artikler og vitenskapelige studier. Særlig har Ernst Håkon Jahr granska denne perioden grundig. Sitata mine i denne artikkelen har jeg frå Jahrs bok *Østlandsk reisning 1916—1926*, hans artikkel «Linjekamper i målreisninga» (*Ventil* nr. 3/75) og den omfattende avhandlings hans om Østlandsk reisning (ennå upublisert). Her er Jahrs sammenfatting av riksmåls-høgnorsk-alliansen i 1920-åra:

«Det viktigste argumentet deres (d. e. motstanderne av Østlandsk reisning i målrørsla) var at Østlandsk reisning arbeide for ei *vulgarisering* av det målet som var bærer av den norske kulturen, nemlig landsmålet. Landsmålet i si daværende form stod for *kultur*, de østlandske flatbygd-måla var *vulgære*. Dette hadde fra før århundreskiftet vært riksmålsbevegelsens hovedargument overfor landsmålet. (...) Når nå en del av målrørsla fant å kunne ta i bruk samme argumentasjonsmåte overfor Østlandsk reisning, er det ikke overraskende at det etter hvert kom opp en slags allianse mellom disse konservative normaltilhengerne i målrørsla og riksmålsbevegelsen. Disse gruppene så på arbeidet til Østlandsk reisning med samme øyne, og sjøl om de ikke trudde seg å ha særlig mye felles, viste det seg at de hjalp hverandre og trakk i samme lei når det gjaldt forholdet til Østlandsk reisning. Begge grupper anklaga i propagandaen sin Østlandsk reisning for å være forklede motmenn. Riksmålsbevegelsen sa at rørsla besto av forklede mål menn (Berggrav og Seip hadde vært det, Koht

var), de konservative målfolka sa at Østlandsk reisning gikk riksmålets ærend. Konsekvensen var at de to gruppene blei allierte i motstanden, og at de lånte hverandres argumenter.»

Jeg trur altså ikke «Wiggen er blitt offer for det politisk velkjente konspirasjonssyndrom», som Steffens antyder. Jeg er ikke først og fremst ute etter Steffens' eller andres personlige idéer, hensikter eller planer med det de gjør (sier, skriver). Det ville lett føre til moralisering og spekulasjon, og det gjør ingen monn. (Jeg er lei for en lettvent formulerings i den forrige artikkelen min som jeg skjønner likevel kan tolkes slik.) Men det jeg og andre kan slå fast som et objektivt faktum, er at høgnorskfolk (f.eks. Eskeland, Riise) og riksmålsfolk (f. eks. Steffens) i den siste tida har markert et interesse-fellesskap gjennom sine angrep på den samtidsretta folkemålslinja som Landslaget for Språklig Samling og den sosialt orienterte delen av målrørsla representerer. Fellesskapet (alliansen) viser seg i at begge i stor grad bruker samme slags argument i sin agitasjon for sine respektive språkformer og mot sin felles «fiende». Situasjonen likner svært på den vi kjenner frå 1920-åra. Om den vil utvikle seg videre, er ikke godt å vite. Men det er bra om så mange som mulig er klar over situasjonen og eventuelt står rusta med lærdommer frå historia *dersom* den skulle utvikle seg videre. Derfor skreiv jeg artikkelen min.

Til slutt: Sosialistisk språkpolitikk kan sjølsagt ikke ha som mål å lære folk flest et «kulturspråk» som ligger fjernt frå det talemålet de sjøl kjenner og bruker til daglig. Den må tvert om sikte mot å utvikle et skriftspråk som i størst mulig grad har tatt opp i seg talemålsdraga og som folk flest nokså umiddelbart kan kjenne seg igjen i og bruke lett og fritt. «Maale e te fyr oss og inkje me fyr Maale», sa sosialisten Olaus Fjørtoft alt for over hundre år sia. Skal noe forandres, må det være skriftspråksreglene, ikke alle de menneskene det skal tjene.

Et talemålsnært skriftspråk virker kulturskapende. For kultur er ikke først og fremst noe som er og som f. eks. ei språkform forvalter. Et samfunns kultur er summen av det skapende virke alle samfunnsmedlemmene utfører til enhver tid. Kultur er en aktiv, skapende *prosess*. Og språkformer formidler eller blokkerer denne aktiviteten i større eller mindre grad. Folkemålsfjerne språkbruksnormer hindrer mange i å uttrykke seg, i å utfolde og utvikle sine evner og i å delta i samfunnsaktiviteter. Striden for at folkemåla skal kunne brukes fritt over alt i skrift og tale, er dermed et personlig og sosialt frigjøringsarbeid. Den går ut på å legge forholda til rette for *heile folkets* levende kultur.

Ingen av de skriftmålsnormene vi har i dag er fullgode samnemnere for de norske folkemåla. Det må endringer til. Og det vil ventelig møte reaksjoner. En grunn til det er at vår skriftspråkskjensle har med *vane* å gjøre. Det kan være tungt å vende vaner. Men vi må huske at det språket vi er vant med å se på papiret *nå*, det opplevde foreldregenerasjonen vår som «unaturlig» i mangt. Det representerte brudd med deres tidlig innlærte skriftspråksvaner. Dessuten er språklig (som all *anna*) form- og stil-kjensle kultur- og klassebestemt. Vi har ulike kulturer i Norge (by- og bygdekulturer, ungdomskulturer, overklasse- og arbeidsklassekulturer osv.), der det er ulike regler for hva som er rett/galt, fint/stygt o.l. Riksmålet er f. eks. dominert av og et merke på politisk konservatisme; det er i hovedsak et overklasse-merke. I visse kretser er det uttrykk for god språklig stil. Men for svært mange signaliserer riksmålsbruk og -støtte en sosial streben «oppover» — snobberi og tilgjorthet. Og for dem er det ikke god stil å bruke riksmål. — Målstrid har m. a. o. et element av klassekamp i seg. Steffens idé om den klasselause stil-kjensla ville falle heilt igjennom om den blei stilt overfor den samla språksosiologiske kunnskap vi rår over i dag. Men det får vi eventuelt gjøre en annen gang.

Steffens' fortvilte forsøk på å identifisere riksmålsvern med miljøvern bør stå uten kommentar.

Geirr Wiggen.

# BØKER

## EI BOK OM IVAR AASEN

Ivar Aasen er vel i dag eitt av dei mest aktuelle namna frå førre hundreåret. Som så ofte før må han gjere teneste som skytshegen for alle fraksjonane i målørsla. Det høver derfor godt at det no er komen ut ei bok om Aasen og innsatsen hans. Boka er redigert av Magne Myhren og har tittelen: «*Ei bok om Ivar Aasen. Språkgranskaren og målreisaren*». Diktaren Ivar Aasen er altså ikkje med denne gongen.

Nesten alle artiklane er skrivne av vitkapsmenn, dei fleste av lingvistar. Dei kan delast i grupper etter innhaldet. For det første har vi noen allmenne oversyn over og vurderingar av innsatsen til Aasen (av Halvdan Koht, Alf Hellevik og Trygve Knudsen). Så har vi samtidige bokmeldingar av hovudverka hans ved P. A. Munch, Ole Vig og Marius Nygard. For det tredje meir detaljerte vitkapelege utgreingar om målføregranskninga hans (av Sigurd Kolsrud og Ingeborg Hoff) og om prinsippa for den norma han skapte (av Alf Sommerfelt og Einar Haugen). Det hører også med ein kritikk av desse prinsippa ved Moltke Moe og eit forsvar for dei ved Gustav Indrebø. I tillegg kjem ein stutt artikkel av Dagfinn Worren, som aktualiserer Aasen i vår tids språkdebatt ved å understreke dei sosiale siktemåla han hadde.

Til saman gir desse artiklane eit klårt bilde av Aasens språksyn og konsekvensane av det. For fagfolk inneheld ikkje boka noe nytt, ettersom alle bidraga har stått prenta andre stader før, men det er svært verdifullt for desse at dei no er blitt samla på ein stad. Viktigare er det likevel at dei er blitt tilgjengelege for ein vidare lesarkrins. Ikkje minst fordi dei ettertrykkeleg og samrøystes avsnar ein del populære mytar og vrangforestillingar om Aasen, slik som at han bygde landsmålet sitt på gammalnorsk, og at han såg ned på austlandsmålføra og derfor gjorde nynorsken til eit vestlandsmål. Grunnlaget for desse påstandane ligg i det gammaldagse preget nynorsken hadde frå Aasens hand, men skal ein finne ut kvifor han fekk dette preget, må vi først og fremst sette oss inn i det språkvitskapelege klimaet på Aasens tid og vurdere verket hans ut frå det.

Det Aasen gjorde var, heilt stutt uttrykt, å ta utgangspunkt i dialektane slik dei vart snakka, finne fram til eit sams grunnlag for dei i språkbygninga, og lage ei fast norm ut ifrå det. I den første fasen nøgde han seg med å registrere og klassifisere det han fann. I førsteutgåva av ordboka si tok han såleis berre opp former han verkeleg hadde hørt, rettnok med den eldste og mest «fullkomne» som oppslagsform. Såleis nytta han infinitiv på *-a*, men i verb han berre hadde hørt i *e*-målsstrøk nytta han *-e*. P. A. Munch kritiserte han for dette og rådde han til å ta medvete utgangspunkt i gammalnorsk når han fastla normalformene, og sjå heilt bort frå det danske rettskrivningssystemet og særutviklingane i målføra. Aasen hadde sjølv synt at målføra eigenleg var gammalnorsk med eit forenkla formverk, meinte han. Aasen avsto frå dette m. a. av pedagogiske grunnar; han ville lage eit brukspråk for vanlege folk. Derfor skreiv han mot Munchs råd *boki*, ikkje *bokin*, som ikkje finst i talemålet noen stad. Og han skreiv *gjera*, ikkje *gera*, fordi folk var vant til forma med *gi*. Ein skulle ikkje vike av frå det tilvande når det ikkje var naudsynt.

Når norma hans likevel vart så gammaldags som ho vart, var det fordi han streva etter å finne fram til det felles grunnlaget i alle dialektane, i praksis det utgangspunktet dei hadde sams. Arbeidsmetodane henta han frå den samanliknande språkvitskapen, som hadde som mål å rekonstruere det felles utgangspunktet («proto-språket») for dei ymse språkfamiliane og -ættenne ved å samanlikne dei språka som faktisk eksisterte. Det er viktig å ha klårt for seg at slike «protospråk» ikkje er språk som verkeleg har eksistert; ingen innbiller seg at ein kan finne fram til dei formene dei «opphavelege indoeuropearane» (kven det no var) brukte ved å samanlikne eksisterande former i dei indoeuropeiske språkfamiliane. «Protospråka» er vitkapelege konstruksjonar som skal tene til å klargjere tilhøvet mellom eksisterande språk og språkfamiliar. I denne tydinga kan ein kalle Aasens nynorsk «protonorsk». Den første målsettinga han hadde var å syne at dei norske målføra hørte saman som greiner av eitt språk, og at dei sto i eit regelmessig tilhøve til kvarandre, til gammalnorsk og til grannemåla. Dette er grunnen til at norma hans vart som ho vart, ikkje at han såg bort frå austlandsmåla, som det ofte blir hevda. I røynda studerte han desse målføra også grundig, men rekonstruksjonsprinsippet tvinga han til å velje dei mest gamalvorne formene som normalformer.

At dette har ført til kritikk, er velkjent, og i *Ei bok om Ivar Aasen* er det Ole Vig og Moltke Moe som står for kritikken. Med Moes ord (s. 86) vil dei at landsmålet skal lempe seg etter talen og «holde sig mere til det almindelige end til det oprindelige». Omsynet til harmoni og konsekvens i systemet bør ikkje overskygge alt anna, nesten tvertimot, seier Moe: «jo større vakling i sprogbrug og skrivemåde, des større udviklingsdyktighed.» Gustav Indrebø går mot dette synet på eit rettskrivingsteoretisk grunnlag. Som Aasen meiner han at rettskrivinga først og fremst må syne fram samanhengane i målet: «Fastleik i skriftmålet, greide og konsekvente reglar, samanheng og system, hev mange gonger meir verde enn nokre ljodrette umbøter.» (s. 124) Argumenta hans er elles både estetiske («Det vert eit rotet, stygt mål, dersom ein i kvart høve skal plukka mekanisk opp den relativt folkesterkaste dialektformi» — s. 120) og taktiske: Han er redd for at sør-austnorske former skal trenge ut andre former med mindre folketal bak seg.

Som nemnt, har Aasen heilt fram til i dag blitt tatt til inntekt for både hønorsklina og folkemålslina i målørsla. Høgnorskfolka peikar på at Aasen ville ha ei harmonisk, regelbunde og fast språknorm på eit norsk-nasjonalt grunnlag. Folkemålstilhengarane peikar på at han ville løfte vanlege folks språk fram til heider andsynes det danske målet overklassa brukte. Etter mitt syn har begge fløyane rett, men det å dra Aasen inn i denne striden slik det blir gjort, vitnar om mangel på skjøn for dei føresetnadene han hadde.

Aasen levde i den nasjonalromantiske perioden. Det allmenne språksynet den gongen var at språket var intimt bunden til nasjonen, eit uttrykk for det ein kalla «folke-ånda», det første vilkåret for at ein hadde med eit sjølvstendig folk å gjere. Ein tenkte seg at «nasjonalspråket» var eit einskapleg og fast system, i dei fleste tilfelle identisk med det offisielle språket eller standardspråket. Dialektane var meir eller mindre «ufullkomne» eller «forsimpla» variantar av dette nasjonalspråket. Ettersom Norge hadde vore ein del av Danmark og hadde dansk som standard språk, var det ei vanleg oppfatning at tilhøva mellom dansk skriftmål og norske målføre var av same slag. Aasens forskning gjorde det klårt at dette ikkje var tilfelle. Ut ifrå det rådande språksynet måtte han gjere ei slutning som kan uttrykkast slik: Danske målføre: dansk riksmål = norske målføre: x. X måtte da vere det norske nasjonalspråket,

Boka får du i bokhandelen

**Aktuell bok**  
**Ei bok om Ivar Aasen**  
**SPRÅKGRANSKAREN OG MÅLREISAREN**

Utval av dei viktigaste artiklane om Ivar Aasens arbeid, oppfatningar og vurderingar frå samtid og ettertid

Kr 40,00

**Samlaget**

som av historiske årsaker ikkje hadde levd vidare som eige skriftmål og rikstalemål, men som vart avspegla på meir eller mindre ufullkomment vis i målføra.

Såleis kan ein seie at det Aasen ville, var å reise folkemåla gjennom høgnorsken. Det å løfte dialektane opp i ei normalform på like fot med andre normalspråk var den einaste forma for folkemålsreising ein da kunne vite av. Kunnskapen om at kvar dialekt i seg sjølv er eit fullkomment språksystem, at «norma» i dei fleste høve er ei sosiolekt utan noen «organisk» samanheng med folkemåla, og at motsetnaden mellom ei formalisert norm til bruk for overklassa og vanleg folkemål hadde noe med klassemotsetnader å gjere — den hører ei seinare tid til.

Det har såleis lita hensikt å gjere Aasen til folkemålsforkjempar i den tyding vi legg i ordet. Men på sin måte var han det likevel, og det fins mange sitat av han som syner kor viktig pedagogiske og sosiale omsyn var for han: berre eit norsk mål, tufta på dei norske målføra, kunne fri det norske småkårsfolket frå den børa det var å måtte lære på eit framandnt mål i skolen, og såleis frigjere det kulturelt. Han la også mye vinn på arbeide fram ein folkeleg stil og eit norsk ordtilfang av dei same grunnane.

Magne Myhren undrar seg i føreordet over kor lite Aasen er blitt granska i lys av nyare utviklingar i språkvitskapen. Det kan eg gjerne vere med på. Dessverre er det vel slik at den konkrete, vitskaplege kunnskapen om Aasens verk ofte har vore omvendt proporsjonal med heroiseringa av han — i alle fall i målrørsla.

Livsverket til Aasen blir sjølv sagt ikkje mindre storfelt om sider av det blir kritisert. Det er mye farlegare å gjera han til ein garantist for den sjølv gode og arrogante holdninga visse krinsar i målrørsla har til språkproblema her i landet.

I tidsskriftet *Ventil* nr. 3-1974 slår Myhren til lyd for ei ny Aasengransking, og nemner ein del interessante problemstillingar som bør takast opp. Den påstanden eg har sett fram her om Aasens syn på det allmenne språklege og samfunnsmessige tilhøvet mellom folkemål og standardpråk, kunne også fortene grundigare gransking. Til så lenge vil eg berre anbefale *Ei bok om Ivar Aasen* som den beste lett-tilgjengelege kjelda til kunnskap om Aasen, saman med ein artikkel av Magne Myhren i tidsskriftet *Mål og Makt* nr. 4-1975.

Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen — språkgranskaren og måltreisaren*. Det Norske Samlaget. Oslo 1975. 221 s. Kr. 40,—.

Lars S. Vikør.

SPRÅK OG POLITIKK

Overskrifta er tittelen på ei artikkelsamling som kom i haust i serien Orion-debatt på Det Norske Samlaget. Helge Sandøy har redigert boka og sjølv skrive ei rekkje av dei oversynsartiklane som utgjer første del av boka. Der gir han ei stutt innføring i slike emne som Språkvitskapen og språksynet — Marxismen og språket — Målsaka, nasjonal eller sosial? — Arbeidarrørsla og språkstriden — Rettsskrivingspolitikk — Den politiske linja i målarbeidet. I denne bolken er også teke med ein klargjerande artikkel av Lars S. Vikør om Stalins språkanalyse og den norske målstoda, og ein av Jan Olav Fretland om Dialektreising. Denne delen av boka er både aktuell og opplyssande. Det er sjølv sagt uråd å gi ei uttømmende og allsidig framstilling av innfløkte og vanskelege emne i slike korte artiklar. Men dei gir alle nyttige kunnskap og er eit godt grunnlag for drøfting i studieringar, slik det er gitt godt opplegg til i slutten av boka.

Dei tre følgjande bolkaner dekkjer tre ulike presse-ordskifte frå 1974-75. Det første gjekk i *Dag og Tid*, og var ein slags føreløpar for det ordskiftet som vart utløyst av striden om framlegga til nytt prinsipp-program for Noregs Mållag. (Framlegga er også tekne med til slutt i boka saman med «tufta» (i parentes sagt ein god avløy-sar for plattform/program) til Norsk målungdom. Ordskiftet i *Dag og Tid* var til dels noko forvirra og forvirrande, og ein kan lure på om det er rett å «fryse» ein slik avisdebatt i bokform. Men innlegga kan nok eggje til ordskifte i studieringane. Det må òg seiast å vere nyttig at Geirr Wiggen og Ernst Håkon Jahr i dette ordskiftet, og altså no i boka, fekk høve til å oppklare misforståingar og klargjere si stilling til norsk måltreising. Det andre ordskiftet gjekk i *Arbeidarbladet* og galdt kva line eit sosialistisk parti bør følgje i målsprøsmålet. Ordskiftet følgde etter ein velskriven artikkel av Jostein Nyhamar om Makten i språket. I dette ordskiftet hadde Sigmund Skard og Dagfinn Worren gode innlegg, og motdebattantar var dei mykje-skrivande riksmålsforkjemparane K. Stefens og Erling Granholt.

I bolken om talemålsnormering er det teke med ein artikkel av Ola Breivega i *Syn og Segn* 1975, h. 1 og ein eldre artikkel av Ingolf Kvamen. Det er fornuftige tankar i begge om eit vanskeleg problem. Men den mest perspektivrike og verkeleg fengslende artikkelen er Lars S. Vikør: *Standardspråket — eit maktmiddel i klassesamfunnet*, også den frå *Syn og Segn* (1975, h. 5). Vikør har solide bakgrunnskunnskapar i moderne språkvitskap, han skriv godt og er i stand til å sjå ei sak frå fleire sider.

Øg Vikør er ikkje aleine, men ein av dei mange yngre som dei siste åra har vist evne til nytanking, og som har lykkast å byggje opp eit allmennteoretisk grunnlag under fundamntale drag ved norsk måltreising i vid tyding. Ei



rad med artiklar og debattbøker vitnar om det. Og denne boka speglar på mange måtar av denne kritiske granskninga av synspunkt og standpunkt i fortid og notid. Det som vi eldre målstrevarar iblant kan innvende — også mot somme av dei som har ytt tilskott til denne boka — er at dei ofte har ein tendens til å lage modellar og teoriar som ikkje har fullgodt feste i det røynelege, anten det no gjeld den nære fortida eller notida.

Troengen til å hevde absolutte standpunkt fører òg med at det blir skapt skiljeliner og motsetningar der det ikkje burde vere det. Og her i bladet kan det vere grunn til å peike på at det bør ikkje skapast kunstige motsetningar mellom grupper av målfolk eller mellom dei som med utgangspunkt i radikalt bokmål arbeider for eitt norsk riksmål tufta på norsk folkemål.

Og ettersom utgangspunktet er ulikt, må ein innsjå at det ikkje er berre ein eller to, men mange vegar som fører fram mot dette endemålet.

Helge Sandøy: *Språk og politikk*. Det Norske Samlaget. Oslo 1975. 192 s. Kr. 32,—.

Alf Hellevik.

## SPRÅK, IDENTITET OG KLASSEKAMP

De to psykologene Åge Steinset og Jo Kleiven har skrivi to artikler hver til ei bok om språksosiologiske og -psykologiske forhold generelt og i Norge, som Det Norske Samlaget gav ut i fjor haust. Steinset har levert de lengste bidraga, men Kleivens artikler er ikke mindre interessante om de er kortere.

Steinset skriver først om åssen språk og bestemte former for språkbruk gjør sitt til å skape den personlige identiteten, og omvendt, åssen skifte av målform går på identiteten laus. Utgangspunktet for Steinsets tanker er dels det språksosiologiske synet at ulike målformer er nært knytta til bestemte materielle og sosiale tilhøve, dels konkrete studier av dialektskifte hos innflyttere til Bergen som han har foretatt sjøl. (Den vitenskaplige rapporten om disse studiene står i «Forskning fra Psykologisk institutt i Bergen» nr. 2/1973.) Steinset bygger også på ei rekke kjente forskningsarbeid om identitet og personlighetsutvikling. Frå dette utgangspunktet kan han også kritisere «effektivitetsideologien», slike tanker som en finner bak språklige normeringstiltak av ulike slag og som står fram som en trussel for målførebrukerne i dag.

Artikkelen «Språk og identitet» dreier seg altså om et kjernepunkt i norsk språksituasjon og i norsk målstrid i dag. Steinset gjør rett i å gi emnet stor plass, og jeg meiner han i hovedsak har greidd å sette det i ei slik vid sosial ramme som også forteller om de politiske sammenhengene i målstriden.

I det andre bidraget, «Skulen som språkunderttrykkjar», framstiller Steinset fleire teorier om åssen barn vokser opp og blir oppdratt (sosialisert) på forskjellig vis i ulike samfunnslag og -klasser, og åssen det gir seg utslag i ulike språkbrukskulturer. Både psykologiske og (språk-)sosiologiske studier blir trekt fram og kommenterte, og Steinset meiner de bygger godt oppunder ei forestilling om at språkbruken i arbeiderklassen skiller seg kvalitativt frå den i andre lag av folket på en slik måte at det rører ved sjølve læringsprosessen: I skolen møter arbeiderklassebarn en verden med en logikk, og dermed krav til språkbruk og språkforståing, som ikke er lik den de kjenner heimafrå. Disse språkhindringene er det som ligger bak den skole-«fiaskoen» som særlig arbeiderklassebarn kommer ut for, meiner Steinset. Han er med andre ord einig med den engelske språksosiologen Basil Bernstein på sentrale punkt, sjøl om han kan vere kritisk i detalj. Mot slutten av ar-

tikkelen trekker Steinset opp enkelte retningslinjer for ei friggjørende språkundervisning, og også i denne sammenheng kan han vise til erfaring frå andre land.

De vel 100 sidene frå Steinsets hand byr på mye interessant stoff. De byr ikke på nye tanker for dem som er innvidde i samtidig språkpsykologi og -sosiologi, men så er det vel også «folk flest» Steinset har tenkt som lesere. Skjønt det siste er vanskelig å vite. Storparten er lettlest. Men det er enkelte avsnitt som er heller nedtynga av akademiske ord og vendinger. Så en er stundom usikker på hva slags lesergruppe (mottakergruppe) Steinset egentlig har hatt i tankene.

Den vekslende vanskegraden i Steinsets artikler kan likevel ikke være noen stor innvending mot boka. Det er heilt andre drag som virker skjæmmende. Jeg tenker på de mange *unødvendige* Mao-sitata (f. eks. s. 15). De virker meir som ritual i en bestemt politisk sjargong enn som klargjørende tilvisinger. Like ens har Steinset et par stygge overtramp som kan virke til å svekke tilrua til han ellers, f. eks. insinuasjonen om «dei filologiske generalane» som har 100 000 kroner i året *for å* (mi uth.) hevde talemålsnormalisering og drive øvinger i slikt (s. 11). Om-talen av «tåkefyrstane på universiteta» (s. 87) er heller ikke av de mest tillitsvekkende. Endelig bør det være nemnt som kritikk at Steinset bærer fram ei alt for lett-vint og lite holdbar avvisning av det radikale bokmålet som et friggjørende skriftspråksmedium (s. 23-24).

Men når dette er sagt, må jeg understreke at Steinsets artikler i *hovedsak* er tankevekkende og at de setter språkproblema inn i en sosial og politisk sammenheng som det synes vanskelig å se bort ifrå. De inneholder ei rekke tilvisinger til psykologisk og annen faglitteratur og har krav på å bli lest med oppmerksomhet.

Jo Kleiven er også psykolog og er her i landet kjent for sine språkholdnings-undersøkinger i Bergens-området. (Det fins fleire vitenskaplige rapporter, og Kleiven viser til dem alle i denne boka.) Den ene artikkelen hans gjelder nettopp resultatet frå disse undersøkingene. I den viser han hva for stereotype holdninger som for få år sia blei knytta til bergensk i forhold til strilemål.

I den andre artikkelen drøfter Kleiven åssen dialektene fungerer i en utvida kommunikasjonsmodell. Han viser åssen vi egentlig oppfatter og sier mye meir enn det orda innebærer (denoterer) når vi samtaler, og at *talemåten* inngår som en meningsbærende og vesentlig del av kommunikasjons-situasjonen.

Kleivens artikler er velsigna fri for klisjéer. De er mindre propagandistisk i argumentasjonen enn Steinsets. Og de vinner på det.

Alt i alt vil jeg si at *Språk og identitet* er ei bok som mange vil ha nytte og glede av å lese. Den kommer rett nok midt i ei vårløsning for populærvitenskaplige skrifter om språkfunksjonelle emner, men jeg syns slett ikke den drukner i denne skriftflommen. Om en bare vil bære over med noen politiske klisjéer og andre mindre lyter, er det mye å lære av artiklene i denne boka.

Åge Steinset og Jo Kleiven: *Språk og identitet*. Orion Debatt 172. Det Norske Samlaget, Oslo 1975. 128 s. Kr 26,—.

Geirr Wiggen.

## Samlenormalen

Lagets framlegg til samlenormal, frå 1966, er framleis å få kjøpt. Prisen er 5 kroner, girokonto-nummer 1 63 78.

# SPRÅKSPØRSMÅL I EIT U-LAND: INDONESIA

— av Lars S. Vikør

Språkproblema i u-landa hører med til dei viktigaste problema i verda i dag. Men det er lett å unngå å sjå dei frå den vestlege verda, pga. den teknokratiske slagsida u-landsinformasjonen gjerne får hos oss. Ser ein som eit hovudmål for u-lands-politikken å få i gang ei teknologisk utvikling etter vestleg (kapitalistisk) mønster under leiging av lokale elitar, er det sjølvsagt logisk å spørje etter kva slags språkpolitikk som fremjar dette målet. Svaret ligg nær: det blir enten å ta opp eit vestleg kulturspråk (i dei fleste tilfelle språket til den tidlegare koloniherrn) og spreie kunnskapen om det mest mogeleg ved alfabetiseringskampanjer o. l. Eller så blir det å bygge opp eller modernisere eit nasjonalt standard-språk slik at det kan fungere på ein tilsvarende måte. I begge tilfelle er det herskarelitn i landet som dominerer og kontrollerer prosessen, og det er også denne eliten som er bindeleddet med resten av verda og såleis fargar den informasjon vi får om tilhøva. Denne informasjonen vil da stort sett gi eit harmonisk bilde av eit land der eliten gjer sitt beste for å vinne over analfabetismen og kløvingane i etniske og språklege grupper (eit problem som sjølvsagt er reelt nok) for på den måten å skape nasjonal einenskap og materiell og kulturell utvikling til beste for alle.

I realiteten vil ein slik politikk auke dei sosiale kløftene. Det er dei mest privilegerte samfunnsgruppene som får sjansen til å utdanne seg og såleis forsterke eliten, mens massane blir hengande att i fattigdom og analfabetisme. Det blir eit språk- og utdanningspolitisk motstykke til den grønne revolusjonen: også den er til fordel for dei rikaste i bondesamfunnet, som står så sterkt økonomisk og er så uavhengig sosialt at dei kan investere i dei nye tilboda (betre maskiner og kornsortar, kunstgjødsel o. l.) og sikre seg fortienesta og produksjonsauken, mens fleirtalet av bøndene blir verande like fattige som dei var.

Indonesia er på mange vis eit typisk døme på dei problema ein slik ny stat møter. Landet er eigenleg skapt av den nederlandske kolonialismen, og består av over hundre etniske grupper med kvar sitt språk. Men nesten alle desse måla hører til ein einskild språkfamilie, den austronesiske, som også

## Innkomne bøker:

Helge Sandøy: *Språk og politikk*. Det Norske Samlaget, Oslo 1975.

Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen*. Det Norske Samlaget, Oslo 1975.

Åge Steinset og Jo Kleiven: *Språk og identitet*. Det Norske Samlaget, Oslo 1975.

Arne Torvik: *Norsklære*. Universitetsforlaget, Oslo-Bergen-Tromsø 1975.

Sandvik, Sandvei, Fossetøl: *Norsk rettskrivingsordbok*. Tanum, Oslo 1975.

Heggstad, Hødnebo, Simensen: *Norrøn ordbok*. Det Norske Samlaget, Oslo 1975.

B. Helleland (red.): *Stedsnavn/Stadnamn*. Grøndahl, Oslo 1975.

Bjørn Karlsen og Arne Torvik: *Språket i bruk*. Universitetsforlaget, Oslo-Bergen-Tromsø 1975.

Ivar Aasen: *Norsk Maalbudad*. Andre utgåva. Norsk bokreidingslag, Bergen 1975.

*Språk i Norden 1975*. Norsk språkråds skrifter 13. Cappelen, Oslo 1975.

Ludvig Holm-Olsen: *Edda-dikt*. Cappelen, Oslo 1975.

Disse bøkene blir meldt i dette og seinere nummer.

## Tidsskriftet KONTRAST

nr. 1 — 1976 er eit tema-nummer om språk. Der er ei rekke interessante artiklar om norsk språkhistorie, om målreising og dialektaksjonar, om samnorsk-politikken og DNA, om allmenne språksosiologiske emne o. a.

Vi ber lesarane våre vere merksame på dette nummeret av KONTRAST.

## LLS' representanter i Norsk språkråd 1976/79

Sentralstyret i Landslaget for Språklig Samling har nemnt opp desse representantane til Norsk språkråd for perioden 1976—1979:

### Bokmål:

Inspektør Ivar Grotnæss, Oslo.

Varamann: Lektor Leif Roksund, Skien.

### Nynorsk:

Konsulent Magne Aksnes, Oslo.

Varamann: Vit.ass. Ernst Håkon Jahr, Oslo.

omfattar språka på Madagaskar, Fillippinane og i Polynesia. Og i Indonesia sjølv deler fire-fem språk tre fjerdedelar av folket mellom seg. Dei viktigaste av desse er javanesisk (Sentral- og Aust-Java, 50-60 millionar menneske), sundanesisk (Vest-Java, 15-20 millionar) og malaiisk (Aust-Sumatra, kyststrøka på Borneo, Jakarta, store delar av Aust-Indonesia, truleg over 10 millionar; dessutan 10-15 millionar i Malaysia). Alt i alt har Indonesia 120-130 millionar menneske. Av desse språka har malaiisk alltid hatt ein særeigen funksjon som kontaktspråk mellom dei ulike etniske gruppene i øyriket. Det vart opphaveleg tala på begge sider av Malakka-sundet (Aust-Sumatra og Malaya-halvøya), som frå eldgamle tider har vore viktigaste handelsvegen mellom India og Kina, og kontrollen over denne handelsvegen vart grunnlaget for fleire mektige kongerike med malaiisk som kulturspråk ned gjennom saga. Både som kontaktspråk og gjennom emigrasjon vart det spreidd utover heile øyriket.

Da europearane (portugisarar, nederlendingar, engelskmenn) kom til, tok dei det opp i meir eller mindre oppblanda form som sitt kontaktspråk med «dei innfødde». I den nederlandske kolonitida fungerte det framleis som eit slags esperanto mens nederlandsk var kulturspråket som berre nokre få privilegerte fekk lære.

Da den indonesiske nasjonalistrørsla tok til å vekse fram i mellomkrigstida vart malaiisk vald som det språklege uttrykket for denne rørsla under namnet *Bahasa Indonesia* (Indonesias språk, kan også omsetjast med *indonesisk*, rett og slett). Under den japanske okkupasjonen (1942-45) fekk dette språket ein ekstra framskuv: japanarane putta alle europearar i konsentrasjonsleirar og forbaud nederlandsk, og da det var umogeleg å administrere landet på japansk, som ingen kunne, rykte malaiisk inn som offisielt språk nærmast over natta. Da landet vart sjølvstendig, var språkpolitikken derfor alt gitt: Bahasa Indonesia skulle bli det samlande nasjonalspråket for alle indonesarar.

Eit intenst terminologisk oppdyringsarbeid sette inn, og gav stoff til eit målpolitisk ordskifte om prinsippa for dette arbeidet. Ei fløy ville orientere seg mot Vesten og bygge på det internasjonale ordtilfanget av gresk-latinsk opphav; ei anna fløy ville derimot satse på asiatisk språkstoff, dels frå malaiisk og andre indonesiske språk, dels frå arabisk og sanskrit. (Både språka og kulturane i Indonesia er djupt påverka av indisk og islamittisk kultur, språkleg formidla av resp. sanskrit og arabisk, og desse elementa blir sett på som delar av den nasjonale kulturarven.)

Denne debatten heng sjølsagt nøye saman med synet på vestleg kulturell og teknologisk påverknad i det heile. Etter omveltinga i 1965/66, da dei militære under general Suharto tok makta og orienterte landet politisk og særleg økonomisk mot vestmakten, sette dette også merke på den språklege utviklinga. Engelsk er i dag viktigaste framandspråket i Indonesia, og den engelske påverknaden på språket der er like sterk som t.d. i Vest-Europa.

Sukarno sette i gang ein alfabetiseringskampanje på brei front, først og fremst i form av ein veldig ekspansjon i skoleverket på elementærnivå (eit felt nederlendingane nesten heilt hadde forsømt). På den måten vart Bahasa Indonesia spreidd i alle lag av folket, så langt det var praktisk mogeleg. Kvaliteten på utdanninga var det nok så som så med, og verre vart det etter som den økonomiske stoda forverra seg utover i sekstiåra, og ikkje minst etter at Suharto tok over. I dag er utdanningsstellet så godt som stagnert. Kløfta mellom elite og masse er større enn nokon gong, og dette set også merke på språkstoda.

Dei fleste indonesarar nyttar framleis eit regionalt språk som morsmål, mens indonesisk fungerer som maktspråk for eliten. Likevel godtar truleg dei fleste at indonesisk er det samlande nasjonalspråket. Passiv og til ein viss grad aktiv kunnskap i indonesisk er svært vanleg, særleg for dei som

## Riksmålmøte i Club 7 i Oslo

Tirsdag 3. februar arrangerte Riksmålsforbundet et møte i samarbeid med Club 7 i Oslo. Vi veit lite om åssen møtet var, bare at Trygve Bull visstnok var til stede og at han, ifølge riksmålsforkjemperen K. E. Steffens, var temmelig isolert med sine synspunkter. Det forbauser oss egentlig ikke. Riksmålsbevegelsens standpunkt er allerede så bastant utbasunert i landets konservative presse, at det ikke egner seg til å vekke nyssgjerrighet eller til å lokke andre enn dem som alt er frelste for riksmålssaka.

Likevel gjorde arrangørene et forsøk på å lokke samnorskfolk til møtet. Invitasjonen kom frå K. E. Steffens og var forma på denne måten:

*Kamerat Wiggen!*

*La mig takke dig for gode avisinnlegg.*

*Jeg utfordrer dig og den sprogradikale falanks til debatt på folkemøtet i Club Syv tirsdag 3.2 kl. 20! Ta med dig hele Nordisk institutts sprogseksjon og la oss kjempe drabelig og få fart i sprogstriden. Jeg kommer med et sterkt angrep på Landslaget, selvsagt på marxistisk grunnlag.*

*Med kordial hilsen K. E. S.*

Denne riksmålske invitasjonen kom pr. kort. Kortets motiv var Edvard Munchs «Arbeidere på hjemveien» (1913). Vi går ut ifrå at Steffens hadde valgt motivet med stor omhu. Kanskje han såg noe djupt symbolsk i det? Men han må ha oversett at kortet var gitt ut på samnorskmannen Rolf Stenersens kunstforlag. «Understatement» er en vanskelig kunst.

Invitasjonen kom dagen etter at møtet i Club 7 var avvikla. Det skyldtes nok tilfeldigheter. Men vi hadde vel neppe møtt fram om den hadde nådd oss tidsnok. I den forsamlinga ville vår funksjon bare vært hoggstabens.

## LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Postboks 636, Sentrum Oslo 1.  
Medlemspengar, kr. 20,— pr. år.  
Postgiro 16 378.

Formann: Magne Aksnes,  
Postboks 38, Linderud,  
OSLO 5

kjem i kontakt med folk frå andre språkgrupper enn den dei sjølve høyrer til — da er indonesisk det obligatoriske kommunikasjonsmidlet. Elles kan indonesisk og indonesisk vere svært ulike ting: det folkelege talemålet i Jakarta (basert på malaiisk, men sterkt påverka av dei mest nærliggande regionalsspråka) er heilt annleis enn den formelle språkbruken til byråkratiet og på universiteta, og begge desse formene skil seg sterkt frå dei meir opphavlege malaiiske målføra på Sumatra.

På Java finn vi ein ekstra komplikasjon i dette språksosiale landskapet, nemleg det som på engelsk blir kalla «speech levels». På norsk kan vi kanskje seie «språketasjar». Det vil seie at ein i sentrale delar av ordtilfanget og til dels i formverket har dobbeltformer som uttrykker det sosiale tilhøvet mellom samtalepartnarane. Systemet er mest utvikla i javanesisk, og eit døme derfrå kan gjere det klart kva det er snakk om. Setninga: «*Kor mange menneske er det i det huset?*» kan på javanesisk lyde slik: «*Wong pira sing ana ing omah iku?*» Men ho kan også lyde slik: «*Tiang pinten ingkang wonten ing grija punika?*» Tydinga er nøyaktig lik i dei to setningane; dei tilsvarar kvarandre ord for ord. Men den første setninga er i «du-form» (*ngoko* på javanesisk) og kan berre nyttast til folk som står lågare eller på same nivå som ein sjølv sosialt. Den andre er i «De-form» (*krama*) og må nyttast til folk som står sosialt høgare enn den som talar. Realiteten er langt meir komplisert enn dette dømet syner, til dels fordi mange ord er enda meir gradert. (Det eksisterer mange mellomformer til bruk i tvilsame situasjonar, t.d. om ein ung byråkrat skal snakke til ein eldre bonde. Den sosiale skilnaden tilseier at byråkraten nyttar *ngoko* og bonden *krama*, men aldersskilnaden tilseier det motsette. Da vil begge nytte ei mellomform.) Dette systemet er blitt vanskelegare å halde intakt no som den sosiale mobiliteten har auka, og det er blitt vanleg at javanesarar som ikkje kjenner einannan talar indonesisk saman for å vere sikker på ikkje å fornærme kvarandre. (Indonesisk har ingen språketasjar.)

Skiljet i språketasjar omfattar ca. 1000 ord frå det mest sentrale og daglegdagse ordtilfanget på javanesisk, og det eksisterer også (i mindre omfang) i grannespråka sundanesisk, maduresisk og balinesisk. Det utgjer ein kolossal sosial barriere, men freistnader på å få det bort har støyt på kompakt

motstand. Dei høgare klassane, som har ei særskilt glede av dei intrikate finessane systemet byr på, vil ikkje for nokon pris miste det, og også for vanlege folk er dette systemet eit så sentralt drag i språket at det ikkje er lettare for dei å endre på det enn det er for oss å hive vekk ein grammatisk distinksjon som t. d. kjønnskilnaden i norsk. Likevel kan ein merke seg at javanesarar som flyttar ut og dannar koloniar på andre øyar eller i andre land ser ut til å ha lettare for å gi opp språketasjane eller forenkle systemet, slik at ein går over til å nytte berre (eller hovudsakleg) *ngoko*.

Eg nemner dette systemet som eit ekstremt døme på korleis den sosiale strukturen i eit samfunn kan prege dei mest sentrale delane av språksystemet. Ser vi på det indonesiske språkproblemet som heilskap, ser vi at det ikkje er gjort i få ord å slå fast kva for ein språkpolitikk som er «frigjerande» resp. «undertrykkande». Det var eit viktig framsteg å drive fram Bahasa Indonesia som det samlande nasjonalspråket i striden mot den nederlandske kolonialismen, og det var ei frigjering for mange å bli utdanna på dette språket og såleis få del i ein rik nasjonalkultur. Men det førte til at regionalsspråka vart undertrykt eller i det minste neglisjert. Etter kvart har interessa for desse tatt seg opp att, i alle fall i dei største språkgruppene, og den mest fornuftige språkpolitikken vil vere å la desse få sin naturlege plass som uttrykksmiddel for fleirtalet av folket ved sida av nasjonalspråket. Men dømet frå javanesisk syner at dette heller ikkje er tilstrekkeleg. Grunnleggande språklege og sosiale endringar må til for at dei største indonesiske regionalsspråka skal fungere som tenlege uttrykksmiddel for folkefleirtalet i alle situasjonar.

Denne siste konklusjonen kan også passe på den problemstillinga eg stilte i innleiinga. Dei språksosiologiske tilhøva i eit land er uløysleg knytte til den allmenne sosiale strukturen. Språkpolitikken som blir ført, kan bidra til å styrke eller svekke dei rådande makttilhøva, men dei same makttilhøva set også grenser fra kva språkpolitikk ein kan føre og lykkast med. Det er derfor svært viktig å følgje med i den politikken som blir ført i land som medvete arbeider for å bryte ned klasseskilje. Resultatet av målpolitikken deira kan gi ein peikepinn på om dei vil lykkast i dei meir allmenne politiske målsettingane sine.